

**Suksessfaktorar og utfordringar ved internasjonal mobilitet for yrkesfag:  
Ein casestudie av Voss vidaregåande skule**

Trond Normann Remme

MASTEROPPGÅVE – SAMPOL650



Institutt for samanliknande politikk

Universitetet i Bergen

Juni - 2023

# Innhold

Innleiing:.....	3
Internasjonalisering .....	6
Internasjonalisering historisk sett .....	7
Politisk grunnlag for internasjonalisering .....	7
Forskaren sin bakgrunn og historie .....	12
Voss vgs sin internasjonale strategi .....	13
Vestland fylkeskommune sin internasjonale strategi .....	14
Den norske regjering og storting sin internasjonale strategi .....	15
Erasmus+ .....	16
Kriterier for suksess innan det internasjonale arbeidet .....	18
Problemstilling.....	20
Teori.....	21
Globale standardar innan yrkesfag.....	22
Metode: .....	26
Informasjonsinnhenting: .....	27
Dokumentanalyse:.....	27
Semistrukturerte Intervju .....	28
Tankekart .....	29
Habiletet – Normative problem .....	29
Analyse .....	32
Ulike suksessfaktorar set frå HK-dir si side .....	32
Frå «happening» til institusjonalisering og modne prosjekt .....	36
Institusjonalisering av det internasjonale arbeidet .....	36
Ressurs til internasjonal koordinator.....	38
Faktorar som å rekruttera og behalda elevar på skulen .....	41
Personleg vekst og utvikling .....	42
Korleis har opphaldet påverka deg fagleg? .....	44

Kvifor vil elevane ha praksis i Europa?.....	47
Organisatoriske faktorar .....	48
Avslutning .....	49
Bibliografi .....	51
Vedlegg 1 – Informasjonsskriv-samtykke.....	56
Vedlegg 2 - Intervjuguide – Rektor – individuelt intervju .....	60
Vedlegg 3 - Intervjuguide– Avdelingsleiar – individuelt intervju.....	61
Vedlegg 4 - Intervjuguide – Elevgruppe .....	62
Vedlegg 5 - Gruppeintervju – elevar – Spania .....	64

## **Innleiing:**

Voss vidaregåande skule (Heretter Voss vgs) har sidan tidleg 2000 talet gjennomført eit betydeleg antal internasjonale prosjekt. I Voss herad var det fem vidaregåande skular fram til 2016. Mellom desse var tidlegare Voss jordbruksskule. Det var denne skulen som fyrst starta med internasjonale prosjekt. Dette var prosjekt som både hadde lærarmobilitet og elevmobilitet. Lærarmobilitet er ofte knytt til observasjonspraksis og elevmobilitet er knytt til arbeidspraksis. Observasjonspraksis er å følgje ein lærar eller gruppe av lærarar/instruktørar over ei viss tid. Arbeidspraksis er arbeid knytt opp mot det programområdet som eleven studerer. I forkant av desse prosjekta så var det å finna ein partnerskule som hadde tilbod som var interessante for Voss vgs. Skulande ute i Europa hadde naturbruk som hovudprogramområde og dei kunne tilføra Voss vgs både fagleg og personleg utvikling. Skulen deltok i prosjekt med mobilitet for lærarar og elevar gjennom Leonardo da Vinci programmet til Europakommisjonen (European Commission 2010). Frå 2007 hadde Voss jordbruksskule samarbeid med mellom anna desse landa i Europa: Litauen, Slovakia, Ungarn, Spania, Slovenia og Frankrike. Samarbeidet var saman med andre vidaregåande skular med naturbruk. Prosjekta var knytt til Naturbruk, Landbruk, Hestefag og Villmark. Organiseringa av det internasjonale arbeidet vart gjort av ein lærar som hadde det koordinerande ansvaret. Etter kvart kom fleire av dei vidaregåande skulane på Voss med. Det var

Voss Husflidsskule som hadde kunst -og mediefag, Rogne vidaregåande skule med Helsefag, Barne og ungdoms-fag samt Restaurant og matfag. Gamle Voss vidaregåande skule med Reiseliv, Informasjons og kommunikasjonsteknologi (IKT), Byggfag, Tekniske fag. Voss gymnas fekk yrkesfag i samanslåinga i 2017, og kom med i Erasmus+ prosjekta då. Vestland fylkeskommune samla dei fem vidaregåande skulane på Voss til to i 2016. I frå 2016 kom Voss vidaregåande skule med Naturbruk, Elektrofag, Byggfag, Teknologi og industrifag, Restaurant og matfag samt ei avdeling for Tilpassa opplæring. Voss gymnas sitt nye bygg stod ferdig i 2017 og har tilbod om Frisør, blommar, interiør og eksponeringsdesign, Helse og oppvekstfag, Idrettsfag, Informasjonsteknologi og medieproduksjon, Kunst, design og arkitektur, Musikk, dans og drama, Påbygging til generell studiekompetanse, sal service og reiseliv, studiespesialisering og vaksenopplæring.

I frå 2016 var alle yrkesfaglege programma med i ulike internasjonale prosjekt innan Erasmus+. I dag er det 2 vidaregåande skular der Voss Gymnas og Voss vgs samarbeider. I denne oppgåva skal eg konsentrere meg om Voss vgs. Sidan 2013 har over 440 elevar og lærarar vore ute i ulike typar praksis i Europa. Dei vidaregåande skulane på Voss har hatt om lag 15 mill. NOK til rådvelde til internasjonale prosjekt i denne perioden.

Det er stor variasjon i måten internasjonale prosjekt vert organisert på i den vidaregåande skule i Vestland fylkeskommune. Enten står skulane sjølve som søkjarar direkte til Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse (heretter HK-dir). Eller så har Vestland fylkeskommune ved opplæringsavdelinga eit konsortium av skular som søker midlar til mobilitet via dei. Voss vgs og Voss gymnas søker midlar på eiga hand. Då rapporterer desse skulane direkte til HK-dir og har hand om heile prosessen frå prosjekt idé til søknad og etter kvart gjennomføring og evaluering av prosjekta.

Ein drivande faktor for internasjonalisering i vidaregåande utdanning er at samfunnet er i stadig endring. Regjeringa har i Stortingsmelding nr. 21 – 2021-2021 – Fullføringsreforma – mål om å sikre ein inkluderande, rettvis og god utdanning. Samtidig skal ein fremje FN sitt berekraftsmål for livslang læring. (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 7). I reforma vert det peika på at det viktigaste

målet for vidaregåande opplæring er at fleire fullfører vidaregåande skule (heretter VGO) og at ein stiller med like forutsetningar for livet etter VGO. Den viktigaste grunnen til reforma er at ni av ti skal fullføre og bestå VGO innan 2030. Det arbeidslivet som ventar elevane våre vert stadig meir internasjonalt og får auka mangfald (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 7). Sidan 2006 har gjennomføringsandelen i vidaregåande skule auka med 18 prosentpoeng. Denne auken skjer i både yrkesfag og studieførebuande fag. Talet på ungdom som står utan og utanfor vidaregåande opplæring har blitt stadig færre og av dei 12 % av ungdomen som står utanfor vidaregåande opplæring er det om lag 5% av desse som er i arbeid (Utdanningsdirektoratet, Gjennomføring av vidaregåande opplæring 2022). Grunnskulepoeng er den viktigaste faktoren for fullføring, men auken skjer også parallelt med at talet på mobilitet i internasjonale prosjekt aukar.

I denne oppgåva vil eg ha fokus på ulike suksessfaktorar for det internasjonale arbeidet som skjer på Voss vgs. Skulen har ei lang historie med internasjonale prosjekt og har i størst grad hatt fokus på elevmobilitet. Med dette meiner ein at skulen gjer det mogeleg for elevar å søkje stipend for å få yrkespraksis i Europa. Ein har i tillegg hatt tilsvarende mobilitetar for tilsette, men då meir som observasjonspraksis. Men dei tilsette har alltid vore involvert i dei prosjekta som har vore i skulen sin regi. I denne oppgåva ser ein på kva faktorar som er bakgrunnen for suksessen Voss vgs har hatt i sine internasjonale prosjekt. Det er fire faktorar som vert belyst. Forankring i leiing, forankring i personalet, avsett ressurs til koordinator og kvalitet på gjennomføring av prosjekt. I dette ligg det narrative som elevar og tilsette som har vore i mobilitet kjem attende med. Kvifor var den opplevinga deira god? Er det kvalitet i alle ledd? Kunne ting vore gjort annleis? Kva skal til for å oppretthalda den kvaliteten som er i prosjekta? Dette er spørsmål ein skal freista å finna i denne oppgåva.

## Internasjonalisering

I denne oppgåva definerer ein internasjonalisering i skulen til liks med regjeringa sin definisjon i Stortingsmeldinga – Internasjonalisering av utdanning:

Internasjonalisering er utveksling av ideer, kunnskap, varer og tjenester mellom nasjoner over etablerte landegrensar og har følgelig enkeltlandet som ståsted og perspektiv. Innenfor utdanning vil internasjonalisering være prosessen med å integrere en internasjonal, interkulturell og global dimensjon i mål, organisasjon og handling (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009, 6).

Internasjonalisering og globalisering er begge omgrep som ofte vert nytta om ein annan. Globalisering ser ein som eitt overordna omgrep som omfattar langvarige og komplekse prosessar, medan internasjonalisering av utdanning svarar på desse prosessane (E. Duncan 2014, 4). I seinare tid er globalisering definert som aukande samarbeid, samankopling og avhengigheit mellom lokale, nasjonale og internasjonale aktørar, medan internasjonalisering er meir avgrensa til prosessen med å etablere spesifikke relasjonar innan dei ulike nivåa. (Lee og Stensaker 2021, 158). Internasjonalisering kan og sjåast på som eit svar på globaliseringa som skjer. Globalisering er eit viktig moment for utdanningssektoren. Når økonomien skiftar frå manuell til ein kunnskapsintensiv økonomi, så treng ein nye former for utdanning som kan møte desse utfordringane (Tran og Dempsey 2017, 120).

For å møte globaliseringa er det viktig at ein skaffar seg internasjonal kunnskap og erfaring gjennom mobilitet til andre land.

Prefikset Inter- betyr mellom og internasjonalisering som samarbeid mellom to eller fleire land. I tilfellet med Voss vgs har ein i dag samarbeid med 7 ulike land der det er 12 ulike partnerar.

For Voss vgs har ein definert internasjonalisering som det å få utveksla idear, kunnskap og fagleg og personleg vekst. Det er ikkje berre mobilitetane i seg sjølv. Det ligg mykje strategisk og organisatoriske val ein gjer før ein gjennomfører sjølv mobiliteten. Strategiske val i forhold til skulen si satsing på feltet. Organisatoriske val der ein vurderer kvar enkelt mobilitet og kvaliteten på denne til kontakt med partner ute i Europa, som er ein viktig del av arbeidet. Med den rette partnaren får me våre mobilitetar til å fungere godt både fagleg og personleg.

Oppgåva omfattar ikkje internasjonalisering heime. Internasjonalisering heime er blitt eit omgrep der ein i tillegg til å ha fokus på mobilitet ut av Noreg til at ein utvidar internasjonalisering heime med tiltak som å få besøk frå Europa, arrangere internasjonale aktivitetar på eigen skule. Dei vidaregåande skulane på Voss tek imot om lag like mange elevar frå Europa til Voss som reiser ut til Europa. Kwart år er det mobilitet av tilsette i utdanningsinstitusjonar, bedriftsleiarar m.m. som besøker og observerer skulane våre. Internasjonalisering heime er eit viktig moment som Regjeringa også har fokus på, men det er ikkje rom for å gå inn på dette i denne oppgåva.

### **Internasjonalisering historisk sett**

Internasjonalisering er ikkje eit nytt fenomen i Noreg. På byrjinga av 1970 talet var det mange studentar som byrja å studere i utlandet. Det var behov ny type arbeidskraft i Noreg. Det var mangel på studieplassar i Noreg, og ein måtte reise ut for å studere. I tillegg såg studentane at det å studere i utlandet hadde ein eigenverdi i seg sjølv. (Rotevatn 1997, 97). På slutten av 70 talet hadde det akademiske tilbodet i Noreg kome opp på eit høgare nivå og krava til å koma inn på studiar i utlandet hadde auka. Sidan 2. verdskrigen var Noreg av dei landa som hadde flest av sine studentar under utdanning i utlandet. Heile 20% av studentane var utanlands i 1950, dette vart redusert til 7% på 1990 talet. (Kirke 1990-1991, 70). Årsaka til reduksjonen var at Noreg starta å byggje ut tilbodet på universitet og høgskular. Frå 1980 åra skulle tilleggskompetanse som språk, kulturforståing og internasjonale nettverk vektleggast. I tillegg var det særskilt viktig at norske bedrifter hadde denne kompetansen. Det vart betydeleg utveksling begge vegar i utdanningssamarbeidet i Akademia. Fleire og fleire universitet og høgskular inkorporerte delar av studiet til utanlandske institusjonar (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009, 14)

### **Politisk grunnlag for internasjonalisering**

Det politiske grunnlaget for internasjonalisering i utdanning vart lagt i 1990 åra. Då kom stortingsmelding nr. 40 1990-1991 «Frå visjon til virke» (Kirke 1990-1991). I innleiinga står det at utfordringa for norsk utdanningspolitikk er at landet ikkje får nok kompetanse ut i frå befolkninga sitt talent. Utdanningsnivået i Noreg vil ikkje nå

internasjonal standard (Kirke 1990-1991, 12). Internasjonalisering av utdanning manglar systematisk gjennomgang med sikte på samordning av studietilbod og gradsstruktur (Kirke 1990-1991, 13). For 30 år sidan såg ein at innan høgare utdanning var det behov for internasjonalt samarbeid for å styrka den norske skulen.

I 1999 kom Bologna prosessen. Då møtte universitetsleiarar og utdanningsministrarar frå Europa i byen Bologna for å skape ein visjon om eit europeisk utdanningsområde. Universiteta og nasjonal utdanningspolitikk hadde vore prega av lite samarbeid og samordning. (Karset og Lycke 2009, 413). Noreg hadde hatt tankar om samarbeid, som vist over, og var av dei landa som var mest ivrige på å implementera det som vart vedteke i Bologna i 1999. Prosessen var ikkje styrt av EU, men det var 48 europeiske land som deltok. Europakommisjonen er med å støttar dette arbeidet både fagleg og økonomisk. I dette samarbeidet vart European Higher Education Area (heretter EHEA) etablert på ministermøte i 2010. Desse skal samordna system for høgare utdanning (Kunnskapsdepartementet, En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning 2020, 22).

I stortingsmeldinga – Kultur for læring nr. 30 (2003-2004) står det: «Internasjonalisering av videregående opplæring inkluderer både økt mobilitet, styrket språkopplæring, nye arbeidsmetoder og at skoleeier skal ta ansvar for det internasjonale perspektivet i opplæringen» (Kunnskapsdepartementet 2004, 77).

Skuleeigar (les fylkeskommunen) skal ta ansvar for det internasjonale perspektivet i opplæringa og auke internasjonal mobilitet.

I 2006 kom nye læreplanar med Kunnskapsløftet. I overordna del av læreplanane er eit eige avsnitt om internasjonalisering og tradisjonskunnskap. Den internasjonale kunnskapskulturen knyter menneske saman. For å forstå eigen kultur er det viktig at ein kjenner andre kulturar (Utdanningsdirektoratet, Generell del av læreplan (utgått) 2015).

I Noreg gjekk prosessen vidare til ei ny stortingsmelding - Om høgare utdanning (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009, 14). Då vart internasjonalisering definert som noko meir enn det å reise ut i mobilitet til utlandet for å studere. Den auka verdien av mobilitet var at det ville forbetre kvaliteten på universitet og høgskular som akademiske institusjonar i



Noreg. I stortingsmeldinga vert det lagt vekt på å sikre kunnskapsflyt og dei viktige oppgåvene Noreg har i tida framover kan løysast med internasjonalt samarbeid.

For Noreg har internasjonalisering av utdanningspolitikken vorte meir og meir viktig. Ein har arbeidd med å sikre Norsk deltaking i prosessar med sikte på å finna felles standardar og indikatorar i skulesystemet. Spesielt retta mot høgskule og universitetssystemet. Dette har vorte gjort i regi av EHEA, EU og The Organization for Economic Cooperation and Development ( heretter OECD). Det at ein lettare kan ta ein del av ein universitetsgrad ved eit utanlands universitet har vorte meir saumlaust.

Ein kunne tenkt seg at det var mogeleg å gjere det same innan yrkesfag. At ein kunne teke delar av yrkesfagutdanninga i Europa eller andre stader i verda. Ein kan tenkje seg at det var mogeleg å lage eit rammeverk for yrkesfagleg utdanning der ein definerte dei ulike delane av eit programfag i modular. Sjå likskapar og ulikskapar og freiste å lage eit system der kvart land med sin utdanningspolitikk beheldt sin autonomi, men at rammeverket kunne vore meir samkøyrd.

Ein ser at yrkesfagutdanningane endå er så forskjellige i struktur og oppbygning at det kan vere vanskeleg eller til dels umogeleg å få teke delar av ei yrkesfagleg utdanning på det vidaregåande nivået i Europa. Dette er eitt av elementa som gjer det vanskeleg for denne type internasjonalt samarbeid (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009, 14).

Det kan vere fleire grunnar til at ein ikkje freistar å sameine yrkesfaga i Europa. I Eu har ein definert yrkesfag til å både gje yrkesfagleg utdanning, men også at den skal vere sosialt utjamnande. (Hegna og Dæhlen 2012, 218). I Noreg er debatten retta meir mot at det er for mykje teori i den yrkesfaglege utdanninga. Dette viser at debatten om yrkesfag er særskild forskjellig alt etter kva land ein samanliknar seg med. Det ser ikkje ut til at det i dag er interesse blant Europeiske land å sameina sine yrkesfag tilsvarande det høgare utdanning gjorde under Bologna prosessen i 1999 akkurat no.

EU har laga eit kvalitetssystem for yrkesfagleg utdanning – European Quality Assurance Reference Framework for VET (heretter EQAVET) som skal sikre kvaliteten på den yrkesfaglege utdanninga. Dette er meir å sikra kvalitet i utdanninga, og ikkje systemisk arbeid med å samordna utdanningar.

Noreg er ein del av EQUAVET og i 2009 kom eit vedlegg til EØS avtalen der Noreg knyter seg til det Europeiske rammeverket for kvalitet i yrkesfagleg utdanning (Kunnskapsdepartementet, EQAVET 2012). Dette er ei referanseramme for å sikra auka kvalitet innan yrkesfag. Det skal også sikre transparens i kvart einskild land sin politikk på utdanningsområdet. Rammeverket har ikkje til mål å endra utdanningssystemet, men å støtta kvart einskild land innafor ulike utdanningssystem.

I tillegg finst det European Credit System for Vocational Education (heretter ECVET). Dette er eit system for individuell bruk. ECVET er eit teknisk rammeverk som seier noko om at ein mobilitet har funnen stad. Kva som har skjedd under mobiliteten og kva læring som har skjedd (European Commission 2019, 24).

Implementeringa av ECVET er friviljug, og Voss vgs har teke i bruk mellom anna Europass – som er eit mobilitetsdokument som elevane får etter avslutta praksis i Europa. Europasset seier noko om kva læreplanmål som er brukt i praksisen, og i tillegg eleven sine erfaringar. Dokumentet vert underskriven av eleven, partnaren i Europa og Voss vgs. Dette er det eine dokumentet som eleven får som bevis på at mobiliteten er gjennomført. Dette dokumentet kan brukast som «dørøpnar» for jobbintervju eller å søkje skuleplass i Europa. Voss vgs har dømer på at Europasset både har vore med på å gje elevar studieplass i Europa samt eit viktig dokument for vidare karriære.

Erfaringane Voss vgs har med å møta ulike yrkesfaglege utdanningar i Europa er at det er stor skilnad i mellom dei ulike landa sin yrkesfaglege utdanningspolitikk. Tyskland og Danmark har relativt like modellar for sine yrkesfagutdanningar. Tyskland sin dual modell som kort fortalt er slik at elevane som startar på yrkesfag skriv kontrakt ei bedrift i starten på utdanninga. Så alternerer dei mellom skule og praksis i dei tre eller fire åra det tek før elevane går opp til fagprøve. Elevane får teori på skulen og praksis i bedrift (Tran og Dempsey 2017, 71). Dei tyske partnerane tykkjer deira system fungerer bra. Dualmodellen er mykje lik Vekslingsmodellen som er i Danmark.

I Noreg er den vanlegaste vegen å gå 2 år i skule med litt praksis i bedrift det fyrste skuleåret og meir praksis i bedrift det andre skuleåret. Sidan skal eleven skaffe seg læreplan sjølv, med hjelp av skulen, og vere to år i bedrift før vedkommande går opp til fagprøve.

Voss vgs har som mål at når ein reiser ut med ei gruppe elevar, skal ein kunne få oppleve nokre dagar på ein skule innan same programområde. Dette fungerer bra då dei aller fleste partnerane våre er skular. Det me har sett i mellom anna med Byggfag i Tyskland er at dei har meir fokus på materiallære og bruk av manuelt verktoy. I tillegg er skule og næringsliv to forskjellige dimensjonar. Medan i Noreg har me kanskje tettare samarbeid med næringslivet. Den tyske skulen i Freiburg fekk forklart vår modell og dei såg verdien av å ha særstette band med det som skjer i næringa og utviklinga der.



*Figur 1 Klasserom for Tømrarar i Freiburg*

For Noreg og Voss vgs sin del så er den internasjonale praksisen tufta på eksisterande læreplanar i faget Yrkesfagleg fordjuping (Heretter YFF). Gjennom partnerane i Europa freistar ein å finne bedrifter i Europa som dekkjer læreplanmål eleven har i sitt fag. I tillegg ser me på om det er spesielle faglege ynskjer eleven har for sin praksisperiode. Praksisen vert dokumentert med Europass. Europass er Europakommisjonen sin felles mal for gjennomført praksis i utlandet. Europass er ein del av ECVET rammeverket som Noreg har knytt seg til, som vist over.

## Forskaren sin bakgrunn og historie

Underteikna starta som internasjonal koordinator i 2013. Dette var året etter at opplæringsprogrammet - Leonardo Da Vinci til EU - var over og ein gjekk vidare med eit nytt program Erasmus. Eg var også kontaktlærer i faget Informasjons og teknologi faget – IKT servicefag og hadde 50% stilling som Internasjonal koordinator. Min akademiske bakgrunn er mellom anna samfunnsvitskap, rådgjeving, rettleiing og Praktisk Pedagogisk utdanning (PPU). I tida som kontaktlærer vart eg interessert i å sende mine elevar ut i mobilitet. Interesse for mangfald, kultur, språk og utvikling er motoren eg har i arbeidet som internasjonal koordinator. Det vart oppretta kontakt med Shetland, der Voss husflidskule allereie hadde elevar i praksis. Dei kunne ta imot IKT elevar frå Voss – og slik var me i gang. I starten var eg oppteken av at det faglege aspektet ved mobilitet var det viktigaste. Elevane skulle få erfaring og praksis tett knytt opp til læreplanmål og det me gjorde på skulen. For IKT elevane så fekk nokre av dei arbeide med fiber netterk. Dei skulle sveise saman fiberkabel, noko me ikkje hadde utstyr til på skulen. Det var veksten på det personlege planet som fekk den største betydninga etter kvart. Når ein såg den personlege veksten elevane fekk så fekk ein meir fokus på dette.

Voss vidaregåande skule har i alle år søkt midlar direkte til HK-dir. Det har vore krevjande søknadar der ein skal visa til at eigne mål og strategiar er lik dei Fylkeskommunen, Stat og EU sine prioriteringar. I tillegg skal ein dokumentere dei interne prosessane og system som ein har for det internasjonale arbeidet. EU har gjort desse søknadane lettare med åra. Skulen blei akkreditert i EU systemet i 2016. Gjennom akkreditering eller førehandsgodkjenning så har det dei siste åra vorte betydeleg lette i sjølve utforminga av sjølve søknaden om finansiering til EU.

Fordelen med eigen søknad er at ein i større grad får ein «raud tråd» i det internasjonale arbeidet. Ein har hand om heile prosessen. Me meiner det kan ha noko å sei for den tilknytninga skulen har sitt internasjonale arbeid.

## Voss vgs sin internasjonale strategi

I søknadane til Europakommisjonen til finansiering av dei internasjonale prosjekta så laga Voss vgs ein europeisk plan. I denne planen skal me nå følgjande mål.

1. Auka kvaliteten på yrkesfaga gjennom Europeisk forankring og dimensjon
2. Auka rekruttering til yrkesfaga gjennom internasjonalisering
3. «Alle skal vere med»

### Erasmus Plan

#### Objectives

The following is the list of your Erasmus Plan objectives and your estimated yearly activity targets. Please consider these objectives carefully when requesting your activities in the next section. Above all, you should make sure that the activities you request can contribute to achieving your Erasmus Plan objectives - this will be one of the key measures for evaluating your activities once they are finished.

#### Objectives

Objective 1 : Auka kvaliteten på yrkesfaga gjennom Europeisk forankring og dimensjon

Objective 2 : Auka rekruttering til yrkesfag gjennom internasjonalisering

Objective 3 : "Alle skal være med"

#### Planned activities

The following table shows your estimated yearly targets for number of participants.

These yearly activity targets are not obligatory. You will not be penalised if you request fewer activities than originally planned according to the table below. Working on your Erasmus Plan objectives is more important than reaching a specific number of participants.

Year	Estimated number of learners	Estimated number of staff
Year 1	80	10
Year 2	80	10
Year 3	80	10
Year 4	80	10
Year 5	80	10

Desse måla er sett i lys av behovet skulen har og korleis rektor meiner skulen skal utvikla seg vidare i det internasjonale arbeidet. Skulen har hatt ein intern prosess der me har sett opp moment som er viktig for vårt internasjonale arbeid lokalt. Den European Programmguide er «bibelen» som ein nyttar. Ein får finansiert på bakgrunn av om ein kan vise til ein god søknad der ein legg til grunn EU sine føringar og prioriteringar. I tillegg har ein sett på regionale, nasjonale og internasjonale føringar på utvikling i den vidaregåande skulen. Målsetjingane er vide, men gjev meining for skulen sitt vidare arbeid. Det er skulen åleine som

definerer kva målsetjingar ein skal ha for den komande perioden. i inneverande periode, og søknadane om finansiering vert vurdert i høve dette.

Internasjonalisering eller internasjonalt samarbeid har vore viktig for Voss vgs sidan tidleg 2000 talet. I generell del av læreplanane er innhaldet knytt til globale utfordringar. Ein såg verdien av å samarbeida med Europeiske skular på fleire plan. Ein hadde pedagogisk utbyte av møte med andre skular der ein fekk speila sin eigen pedagogikk og skulekvardag. Ein fekk læra andre kulturar å kjenne på ein heilt anna måte gjennom praktisk arbeid og sosiale møtestadar. Tidleg prioriterte ein arbeidet med at skulen la til ein personalressurs på dette, sjølv om det ikkje er lovpålagt eller definert inn i læreplanar eller andre styringsdokument.

På Voss vidaregåande skule har ein eit godt samarbeid med næringslivet. Ein har eitt eige møte der ein inviterer næringslivet inn på skulen. Då diskuterer ein utfordringar som skulen ser og ein får førstehands kjennskap og kunnskap om kva som skjer ute i dei bedriftene som elevane har praksis i. I tillegg har skulen yrkesfagdag for Vg1 elevane og Lærlingedag for Vg2 elevane. På begge desse dagane inviterer skulen inn bedrifter som me har samarbeidskontrakt med. I alt så har skulen over 60 samarbeidande bedrifter.

### **Vestland fylkeskommune sin internasjonale strategi**

Strategien for Vestland fylkeskommune er å forsterka Vestland si evne til å møte internasjonale utfordringar. Dette skal fylkeskommunen gjera gjennom å forankra det internasjonale arbeidet i eigen organisasjon, samt at resultatet av at internasjonalisering skal styrkje Vestland fylke som heilskap (Vestland Fylkeskommune 2020, 4).

Vestland fylkeskommune sin plan er fundert på FN sitt berekraftsmål nr 17, om samarbeid. Evna til å samarbeida om felles mål og etablere nye sterke partnerskap er avgjerande som å få til ei berekraftig samfunnsutvikling.

Fylkeskommunen skal nytte Erasmus programmet til å gje elevar og tilsette i vidaregåande opplæring internasjonale erfaring gjennom programmet. (Vestland Fylkeskommune 2020, 15).

Voss vgs har eit godt samarbeid med Vestland fylkeskommune i sitt internasjonale arbeid. Skulen søker til liks med Vestland fylkeskommune gjennom det same

programmet – Erasmus+. Det vert ofte drøfte problemstillingar knytt til søknad og gjennomføring av internasjonale prosjekt. Gjennom Vestland fylkeskommune sin venskapsavtaler med Normandie i Frankrike har skulen mellom anna mobilitet til Coutances i Normandie for Landbruk. Det fylkeskommunale nivået vert mest nytta som samarbeid og at ein tek med seg dei overordna strategiske momenta om internasjonalisering i utdanning. Ut over dette står det internasjonale arbeidet for eiga rekning på skulen.

### **Den norske regjering og storting sin internasjonale strategi**

Den norske regjering har gjennom Stortingsmelding «Internasjonalisering av utdanning» (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009), NOU 2015 – Fremtidens skole (Kunnskapsdepartementet 2015) samt Stortingsmelding nr. 21 – Fullføringsreforma – med opne dører til verden og fremtiden (Kunnskapsdepartement 2020-2021) vist at Internasjonalisering er sett på som eit kvalitetsteikn i seg sjølv. Den norske skulepolitikken er styrt mot at fleire skal få kunne få internasjonal erfaring i grunnskulen. Med dette også internasjonal mobilitet.

Noreg må gå verda i møte. Internasjonalt samarbeid og dialog på tvers av landegrenser er ein føresetnad for å handtere dei utfordringane som Noreg står framfor (Kunnskapsdepartementet, Strategi for norsk deltakelse i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet 2021).

Den norske stat set mål og strategiar for internasjonalt samarbeid, og nyttar HK-dir som ekspert og ressurs når det gjeld internasjonalisering i vidaregåande skule.

## Erasmus+

Verden opplevde den store finanskrisa i 2008 (Grytten 2009, 39). Dette var ei klassisk finanskrisa der ekspansiv penge og kredittpolitikk samt samanfallande markant fall i aksje og bustadprisar. I 15 år hadde ein hatt ein vekstperiode som terminerte i låg rente som igjen førte til krakket som kom (Grytten 2009, 40). EU hadde eitt fall i Brutto Nasjonalprodukt på 4.2% i 2009 og 23 millionar eller nærare 10% av befolkninga i Europa stod utan arbeid (European Commission 2023).

Dette var ein av årsakene til at EU og kommisjonæren satsa på yrkesutdanning i vidaregåande skular og la inn 15 mrd. Euro i prosjektet Leonardo Da Vinci (European Commission 2010). I dette prosjektet la EU kommisjonen 240 millionar Euro i potten kvart år. Det som vart skildra som suksess med Leonardo da Vinci programmet var er det opna for samarbeid, gjorde små regionar konkurransedyktige og auka opplæringskapasiteten til alle regionar i Europa.

## Erasmus for alle frå 2014-2020

Då auka Europakommisjonen beløpet i prosjektet til 14.7 mrd Euro eller om lag 150 mrd. Norske kroner. Prioriteringane i prosjektet var (European Commission 2014) :

- Redusere arbeidsløyse blant unge
- Promotere vaksne si læring, spesielt for nye ferdigheiter som arbeidsmarknaden treng
- Oppmuntre ungdom til å ta del i Europeisk demokrati
- Redusere elevar som droppar ut av skulen
- Marknadsføre innovasjon, samarbeid og reformar
- Promotere samarbeid og mobilitet mellom medlemslanda

I dette programmet hadde ein fortsatt med seg moment med arbeidsløyse og livslang læring. I tillegg ser ein at innovasjon og dropouts i skulen var ei utfordring i skulen i Europa. Difor legg Europakommisjonen dette inn i sine utdanningsprosjekt.

I Eu sin eigen halvvegs vurdering av Erasmus i perioden frå 2014 -2020 har dei fleire moment som dei meiner er viktige for den vidare utviklinga av utdanningsprogrammet. Dei nemner at Erasmus+ er ein av dei mest suksessfulle og ikoniske program som EU har (European Commission 2018, 14). Prosjektet er



vel anerkjent i blant Europeiske innbyggjarar. Det er berre momenta fred og fri bevegelse av varer og tenester som står høgre prioritert i den Europeiske befolkninga. Det har vist seg at programmet har ei positiv påverknad på ungdomar i Europa (European Commission 2018, 18).

I perioden som kjem skal EU gjennom Erasmus+ programmet:

- Minske mangel på kunnskap og ferdigheiter i Europa
- Gjere Erasmus+ meir inklusiv – alle skal med
- Auka den demokratiske deltakinga – følelsen av å vere ein del av EU
- Få med formelle og uformelle læringsarenaer frå ulike land
- Forenkling av Erasmus+ slik at fleire organisasjonar kan søkje midlar
- Sjå nye synergjar mellom Erasmus+ og Innovasjon

#### Erasmus+ 2021-2027

Erasmus+ er verdas største utdanningsprogram (European Commission 2023, 4). Europeiske borgarar må bli betre rusta med kunnskap, ferdigheiter og kompetanse i ei verd som er dynamisk og som blir meir mobil, multikulturell og digital. Erasmus+ er i fylgje EU kommisjonen eit prosjekt med høg suksess. Den byggjer på 30 år med erfaring innan internasjonalisering. Programmet reduserer fråfall og gjev kunnskap og kompetanse til det Europeiske folk. Programmet har ei økonomisk ramme på 24 milliardar Euro. Internasjonaliseringa inneberer formell og uformell læring (European Commission 2023, 6).

Dei generelle måla til EU kommisjonen i denne perioden for Erasmus+ er å støtte livslang læring, skulefagleg og personleg utvikling.

- Promotere læring, mobilitet til individet og i grupper. Fremje samarbeid, kvalitet, inkludering og likheit.
- Promotere formell og uformell læring og aktiv deltaking blant ungdomar.
- Promotere læring og mobilitet innan sport i Europa

Utviklinga til utdanningsprosjektet har gått i retning av auka bevillingar og ynskje om høgare aktivitet. EU kommisjonen ser at programmet er av høg kvalitet og at resultatet av investeringane i programmet, gagnar Europa .

## Kriterier for suksess innan det internasjonale arbeidet

I denne oppgåva er det å finne kunnskap om kva faktorar som er viktig for suksessen i det internasjonale arbeidet på Voss vgs? I over 20 år har skulen prioritert arbeidet. Ein ser ei utvikling der fleire elevar ynskjer internasjonal praksis i Europa. Sjølv om skulen naturleg nok fekk ein nedtur og stogg i utvekslingsarbeidet under Covid 19 perioden, så har dette teke seg opp att. Ein ser også at skulen integrerer arbeidet på ein ny måte, det er ikkje eit overskotsfenomen eller dugnad men det er institusjonalisert.

Suksesskriterier for overnasjonale, nasjonale, regionale og lokale aktørar i det internasjonale arbeidet er i fleire tilhøve noko anna enn suksesskriterier for elevane og tilsette som er i mobilitet. Dei er nok ikkje veldig ulike, men ser ein på den einskilde person som reiser ut, så er deira suksesskriterium mellom anna det å oppleve og møta noko nytt samt det å klara å stå i praksis i eit anna land, i ein annan kultur på eit anna språk, meir enn inkludering og mangfald. Det er dei meir «softe» kriteria eg er ute etter i denne oppgåva

Pr. i dag er det om lag dobbelt så mange som søker om internasjonal mobilitet som faktisk får utnytte desse ordningane. Skuleåret 2022-2023 er det 75 elevar på yrkesfag som har søkt og om lag 50 elevar som skal ut i mobilitet. På studieførebuande er det 40 elevar og 6 lærarar som skal ut i mobilitet. Dette vert til saman om lag 100 elevar og tilsette som får internasjonal erfaring ute i Europa dette skuleåret. I tillegg er det om lag 40 gjester frå Europa og andre delar av verda som gjennom Erasmus+ kjem til Voss. Det er både elevar som skal ha praksis i bedrifter på Voss, samt lærarar og bedriftsleiarar som ynskjer observasjonspraksis. Det er eit uttalt ynskje frå skulen at ein samarbeider med skular i Europa. Me snakkar same språk, og me får elevar og lærarar i retur som er innom skulen vår.

No er det ynskje om å vite meir om kva narrativ elevar som har vore i mobilitet har. Kva fortellingar sit att etter ei erfaring som arbeidspraksis i eit anna land er. Kva gjorde til at elevane si erfaring var god? Er det kvalitet i alle ledd? Kva vart gjort, og kva kunne vore gjort annleis. Er det slik at prioriteringane og måla frå EU kommisjonen, gjeven i Program guiden 2021-2027 (European Commission 2023) vert nådd på det individuelle plan og organisatoriske plan i organisasjonen?

Det er interessant å lesa om den utviklinga Noreg har hatt i si prioritering av internasjonalisering i utdanning. Gjennom EØS avtala kan Noreg søkje støtte i verdas største utdanningsprogram – Erasmus+. Programmet er i perioden 2021-2027 og har ei finansiell ramme på 24 milliardar Euro . EU kommisjonen har sidan tidleg 2000 tal hatt ulike støtteordningar. No er dei aller fleste ordningane under same paraply og namnet – Erasmus+.

Den norske regjeringa har gjennom Stortingsmelding «Internasjonalisering av utdanning» (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009), *NOU 2015:8 – Fremtidens skole* (Kunnskapsdepartementet 2015) samt stortingsmelding nr. 21 – Fullføringsreforma -med opne dører til verden og fremtiden (Kunnskapsdepartement 2020-2021). Internasjonalisering vert sett på som eit middel for å auka kvaliteten på norsk utdanning av Stortinget og Regjeringa. I Fullføringsreforma nemner ein at internasjonalisering er eit verkemiddel for kvalitetsutvikling i Norsk skule .I tillegg blir personleg vekst og utvikling samt opplæring i framandspråk trekt fram som element som er viktige. (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 117).

I skulen sin søknad om støtte til internasjonalisering nemner ein mål og strategiar frå EU kommisjonen gjennom Storting og regjering, til fylkesplanar og til slutt eigen plan og rutinar for det internasjonale arbeidet. Alt dette for å få ein raud tråd på arbeidet vårt, og at ein føl med på politiske utviklinga som er i Europa.

På bakgrunn av det som er nemnd over så ynskjer skulen å gje noko til elevar og lærarar på eit fagleg og personleg nivå. Så ynskjer me å gjere noko på eit institusjonelt nivå for å styrka det personlege nivået. Og me ynskjer å bidra med vår kompetanse ut i Europa til dei som ynskjer å lære noko av oss og vårt arbeid.

## Problemstilling

### ***Kva er måla og suksesskriteria for arbeidet med internasjonalisering på institusjonelt nivå og på individuelt nivå på Voss vgs?***

Måla for skulen sitt arbeid med internasjonalisering er sameint med det som Vestland fylkeskommune, Den norske stat og EU kommisjonen har. Skulen skal hindra fråfall, ha fokus på å inkludera, mobilitet, multikulturalisme, demokratimedverknad etc. Jfr. Skulen sin Europeiske plan vist tidlegare i oppgåva.

Skulen si erfaring med mobilitetsarbeid til Europa er at:

- Det er særst få som returnerer før kontraktsperioden.
- Det er særst få avvik med orden og åtferd medan dei er ute i Europa
- Det er mange som søker mobilitet
- Den faglege og personlege veksten er stor
- Elevar som har vore i mobilitet er med på promotering av dette tilbodet til nye elevar.
- Arbeidet med internasjonalisering er institusjonalisere og det er økonomiske rammer for arbeidet.
- Nasjonal anerkjennelse for vårt arbeid i direktoratet – HK-dir.

Desse variablane er basert på det skulen har av tal og tilbakemeldingar frå elevar som har vore ute i mobilitet. Det kan vere at det er andre faktorar som påverkar elevane sine haldningar til mobiliteten. Det kan også vere kontaktlærar, eller lærar i YFF -faget, personleg og fagleg førebuing, medelevar, føresette, oppfølging undervegs etc. Det vert interessant å sjå om det er andre faktorar enn dei som er skildra over som også har ei viktig tyding for suksesskriteriane enn det som skulen ser og skildrar.

Gjennom oppgåva ynskjer eg å belyse internasjonalisering i skulen både frå eit overordna perspektiv – EU. Og me skal ned på mikronivået med å sjå kva erfaringar elevar har av sin praksis i Europa og om det er samsvar mellom desse.

Faktorar for internasjonalisering som skal belyst er:

- Forankring i leiinga
- Forankring blant personalet
- Prioritering av stilling som internasjonal koordinator
- Suksessfulle prosjekt på eit personleg plan

Det er Europakommisjonen som gjev skulane økonomisk støtte til gjennomføring av prosjekt. Den norske stat legg rammene for utdanningspolitikken med føringar på korleis stortinget vil at internasjonalisering skal prioriterast. Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (Heretter HK-dir) bistår Kunnskapsdepartementet i å gjennomføre dei mål og strategiar som vert lagt for internasjonalt arbeid i skulane.

Fylkeskommunane har ei regional tilnærming til den internasjonale utviklinga og har sine mål for det vidare arbeidet. Og til slutt skulane som organisatoriske einingar som gjennom alle ledda over skal prioritere, planleggje setje i verk og evaluere det internasjonale arbeidet. Det er mange måtar å drive det internasjonale arbeidet på.

## **Teori**

Globalisering som omgrep har fleire dimensjonar. Det bryt ned grenser for handel, utdanning og mobilitet. Dette aukar mobilitet av kapital, varer, tenester og folk mellom land.

Den auka globaliseringa aukar behovet for utdanning og kunnskap. (Tran og Dempsey 2017, 152). Globalisering er eit viktig moment for utdanningssektoren. Når økonomien skiftar frå manuell til kunnskapsintensiv økonomi, så treng ein nye former for utdanning som kan møte desse utfordringane (Tran og Dempsey 2017, 120).

Forskaren Tatiana Kostova (Kostova 1999, 308) set dette inn i ein teoretisk samanheng der det vert sett på to forskjellige konsept:

1. Ein organisasjon sin strategiske praksis
2. Suksess gjennom praksis

Den strategiske og organisatoriske praksisen til organisasjonen (les Voss vgs) er over tid påverka av organisasjonen sin historie, tilsette, interesser og aktivitet. Og

at dette har blitt institusjonalisert i organisasjonen. Kunnskapen er akseptert og teken inn i organisasjonen blant dei tilsette. Dette vert teken for gitt i organisasjonen (Kostova 1999, 309).

Den organisatoriske praksisen varierer i form, men den er ofte strategisk viktig for organisasjonen. Den organisatoriske praksisen som internasjonalisering i vidaregåande skule gjer, fører også til at ein legg inn verdiar i dette arbeidet over tid. Det kan også vere at dei tilsette kjenner på at dette er av symbolsk betydning for organisasjonen (Kostova 1999, 310).

### **Globale standardar innan yrkesfag**

Internasjonalisering i seg sjølv er ei kraft som styrer og utviklar alle utdanningssektorar rundt om i verda (Dempsey 2017, 1). Dei seinaste reformene innan Yrkesfagleg sektor i verda er komen til mellom anna på grunn av auka globalisering, endring av arbeidsmarknaden og krav om ny kunnskap (Tran og Dempsey 2017, 1). Dempsey og Tran meiner at det burde vorte ei eiga retning innan Akademia å forska meir på internasjonalisering innan yrkesfaga.

I 2015 kom OECD ut med ein rapport som viser at det er over 5 millionar studentar som er i mobilitet under si utdanning (Dempsey 2017, 2). Dette seier noko om omfanget av internasjonalisering. Bakteppet for denne aktiviteten er mellom anna EU kommisjonen sin «Green paper» (European Commission 2009, 1). Her står det at internasjonal mobilitet for å skaffa seg ny kunnskap og nye ferdigheiter, er ein måte unge menneske i Europa kan styrka deira karriereveg.

Dempsey og Tran skriv vidare at internasjonalisering innan yrkesfag er aukande rundt om i verda. Internasjonaliseringa er eit svar på auka globalisering, fleirkulturelle arbeidsplassar, fleire firma vert globale og arbeidsstyrken sin auka mobilitet mellom nasjonale økonomiar (Tran og Dempsey 2017, 246).

Rundt om i verda har markedsliberalisme innan utdanning, ny teknologi, entreprenørskap og aukande online utdanning vore dei drivande faktorane i yrkesfaga si utvikling. Ein ser trendane, men det er lite eller ingen forskning på feltet. Det er heller ikkje bygd teoriar på feltet (Tran og Dempsey 2017, 246).

Det er vanskeleg å finne gode tal og data på internasjonalisering innan yrkesfaga. Ofte er dette statistikk på antal elevar som har vore i mobilitet. Det har vore lite

fokus på kvaliteten på desse mobilitetane. UNESCO, Verdsbanken og EU samlar statistikk på eit overordna nivå som ikkje gjev eit fullgodt svar på korleis desse mobilitetane vart opplevd av dei som var ute i praksis.

Det vert gjort mykje forskning på internasjonalisering innan høgare utdanning, og mindre i den vidaregåande skulen.

Om ein ser internasjonalisering i vidaregåande skule på eit internasjonal plan så har Association of South East Asian Nations (heretter ASEAN) landa adoptert yrkesfagmodellen frå anten USA, Tyskland, Sveits eller Australia. Kina, Vietnam og Korea har hatt ei enorm auke i kle-industrien og trengte raskt å få inn kompetanse innan yrkesfaga (Tran og Dempsey 2017, 248).

Yrkesfagutdanning har vorte eit instrument for økonomisk vekst i verda. Det er kanskje ikkje til det beste for studenten. Det er viktig at ein møter eleven sine ynskjer og mål for opplæringa (Tran og Dempsey 2017, 261)

OECD nemner at internasjonalisering kan opne opp for den globaliserte verda. Elevar sin auka internasjonale bevisstheit og engasjement er den største fordel som kan kome ut av internasjonalisering (Tran og Dempsey 2017, 129).

I tillegg meiner EU kommisjonen at arbeidsgjevarar etterspør internasjonal erfaring. Og at internasjonalisering har bidrege til ei endring av dei yrkesfaglege programma i Europa der ein har prøvd å nærme seg kvarandre (European Commission 2009, 2).

I krisetider som etter finanskrisa i 2008 la EU vekt på at investering i utdanning er særst viktig. Mobilitet i kunnskapssektoren er ei viktig føremon for EU si konkurransekraft og vidare utvikling. (European Commission 2009, 3).

Den norske regjering og Storting har hatt internasjonalisering på dagsorden over lang tid. Det siste dokumentet frå dei - Fullføringsreformen - seier Stortinget noko om kvalitet gjennom internasjonalt samarbeid. Samarbeid må til for å handtere de store globale samfunnsutfordringane som er i verda. (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 116). Dette er likt med det EU og andre land har definert som ei viktig utfordring i tida framover (Dempsey 2017, 2).

I EØS avtala som mellom anna gjev Noreg tilgang til det Europeiske marknaden, så er det ein eigen protokoll om yrkesopplæring (Lovdata 1994). I denne avtala forpliktar staten Noreg seg til å styrka samarbeidet om yrkesopplæring for å forbetre mobilitet for unge menneske innan EU.

Dette viser at Noreg forpliktar seg og får klare føringar på området innan yrkesfagleg utdanning. Sett i lys av den internasjonale mobiliteten som skjer på Voss vgs så legg ein til rette for å auka mobiliteten for elevar som seinare ynskjer å skaffe seg meir utdanning i Europa.

Noreg har også underskrive ein avtale med Europakommisjonen som fekk samtykke og vart vedteke i Stortinget 1. juni 2021. Dette er Erasmus+ perioden frå 2021 – 2027. I denne perioden skal desse tiltaka prioriterast:

1. Individuell mobilitet
2. Samarbeid og partnerskap
3. Politikkutvikling
4. Jeann Monet programmet

Programmet byggjer i tillegg på initiativ frå Europakommisjonen – Det å styrkje europeisk identitet gjennom utdanning og kultur (Regjeringen 2021).

Internasjonalt samarbeid er eit verktøy for utvikling av norsk skule som gjer opplæringa meir relevant for elevar, lærlingar og arbeidslivet (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 117). Her ser ein også at internasjonalisering er ein drivande faktor i forhold til endringar i utdanningspolitikken i EU (European Commission 2009, 3).

I Fullføringsreforma er det definert eit mål om at 50% av studentane innan høgare utdanning i Noreg skal ha eit studieopphald i utlandet. I fullføringsreforma står det også at ein måte å oppnå dette målet på er at fleire elevar i vidaregåande skule får praksis i Europa. Internasjonalisering i vidaregåande skule kan bidra til å auka talet på internasjonalisering i høgare utdanning. Talet på studentar som har reist på utanlandsopphald i høgare utdanning med stønad frå Lånekassa er tre gonger høgare blant elevar som var i utveksling på Vg2 (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 117).



Difor vert YFF-faget viktig å leggje til rette slik at elevar kan få praksis i Europa (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 119).

Det er ikkje målsett eit tal på mobilitet i Vidaregåande opplæring slik dei har gjort innan høgare utdanning. For å få meir fokus på internasjonalisering i vidaregåande skule burde ein kanskje sett eitt måltal. Dette kan leggje eit lett press på fylkeskommunane til å prioritere dette noko høgare. I dei aller fleste mobilitetane på Voss vgs vert det gjort gjennom praksisfaget YFF.

I opplæringslova paragraf 1.1 står det at opplæringa i norsk skule skal opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og erfaring (Kunnskapsdepartementet 2022).

Den norske utdanningspolitikken er påverka av den europeiske med omsyn til mål og strategiar, medan sjølve skulemodellar og strukturar er ganske forskjellige alt etter kva land ein samanliknar seg med.

EU kommisjonen sine generelle mål i komande programperiode (2021-2027) er at Erasmus+ skal bidra til utvikling i Europa gjennom mellom anna livslang læring, fagleg og personleg og berekraftig utvikling samt aktive demokratiske borgarar (Erasmus+ programme guide s5).

Erasmus+ skal vere eit hovudinstrument for å byggje Europeisk utdanningspolitikk med fokus på utdanning og praksis. (side 6)

Yrkesfagutdanningane i Europa er meir spesifikke og forskjellige enn sektoren for høgare utdanning.

EU sitt mål med Erasmus+ er også økonomisk vekst og ein fleksibel arbeidsstyrke som kan vere mobile (Tran og Dempsey 2017, 268). Konklusjonen deira er at dei bør byggje meir tolerante samfunn enn å styrkje ønskje om økonomisk vekst.

Her ser ein at det er mange ulike aspekt for suksess som vert skissert i dei overordna måla for kvalitet i det internasjonale arbeidet. Ein kan sjå på dette som eit fleir-nivå problem. Voss vgs arbeider med mål og strategiar frå eit top-down prinsipp i sine søknadar. Det er naudsynt å gjere det slik for å få tildelt finansiering til prosjekta. Kanskje skulle EU hatt meir fokus på «down-top» slik det vert gjort i denne oppgåva. Når det kjem til praktisk gjennomføring er det i samråd med eleven, YFF lærar og skulen at ein definerer prosjekta. Kvaliteten på det lågaste nivået er viktig for å sikra kvaliteten i heile programmet.

## **Metode:**

### Case studie

Når ein startar eit prosjekt som dette vert det i ein tidleg fase bestemt om det er kvalitativ eller kvantitativ metode ein skal nytte. Valet mellom kvalitative data eller kvantitative data er meir av ein strategisk enn prinsipiell karakter. Valet av metode er knytt til undersøkinga sitt formål og problemstilling (Gotvassli 1999, 7).

Ein datainnsamlingsprosess der ein er nær aktørane og har fokus på detaljar som i liten grad kan teljast. Ein er ikkje interessert i kvifor noko skjer, men meir korleis det skjer. Difor vert dette ein «in-depth case studie».

Gjennom denne studien skal ein freiste å finna forklaring på korleis internasjonalisering i skulen tenkjer i forhold til suksessfaktorar og korleis elevane opplever deira mobilitet til Europa. Ein skal sjå på kva strategiar som fylkeskommunen har vald, og ein vil sjå på korleis desse strategiane er sett ut i livet i organisasjon som Voss vgs. Av den grunn vel ein case studie. I ein case studie er det ikkje antal observasjonar, men forutsetningane som ligg til grunn for casen som avgjer om ein kan trekkje slutningar av studien (Andersen 2013, 17).

Case studiar er kvalitativ studiar som ofte er nytta i politisk forsking. Metoden har hatt sterk vekst og har gått frå å måla enkelt faktorar til at det både er teoretisk driven og at ein kan sjå det i samanheng med større populasjonar enn dei ein undersøker (Curini 2020, 651). Det er fleire definisjonar på kva case studiar faktisk er. Ein av dei mest nytta definisjonane er:

The essence of a case study, the central tendency among all types of case study, is that it tries to illuminate a decision or set of decisions: why they were taken, how they were implemented, and with what result (Yin 2018, 44).

Dette er ein rein ateoretisk studie – ikkje basert på teori-hypotesar, men ein reint beskrivande studie. Ynskje om å formidla den sosiale realiteten, meir enn å generere teoriar og begrep (Andersen 2013, 63). Det som vert undersøkt skal i beste fall bli kunnskap som kan førast som «Best practice» for skular som ynskjer å utvikla sitt potensiale innan Internasjonalisering.

Det er ikkje mykje forskning eller teoriutvikling på internasjonalisering i vidaregåande opplæring, difor hentar ein inn ulike moment frå ulikt hald.

Ein kunne ha samanlikna fleire skular men studien tek for seg berre ein skule – Voss vgs. Dette er bevisst gjort i forhold til tidsbruk og omfang av oppgåva. I ein større samanheng kunne det vore interessant å studere to skular som har forskjellig tilnærming til sitt internasjonale arbeid. Då med tanke på storleik på skulen og korleis ein nærmar seg det internasjonale arbeidet.

I prosessen vart det laga ein datahandteringsplan (sjå vedlegg 1). Denne vart lest opp for respondentane og underskriven av underteikna og rettleiar. I tillegg vart det underskrive eit skjema om fullmakt til å nytta dei data som vart samla inn, og behandling av desse data då oppgåva var ferdig.

### **Informasjonsinnhenting:**

Dette er ein case studie der målet er å finne kva suksessfaktorar som er avgjerande for kvalitet i det internasjonale arbeidet på skulen. Det er fleire måtar ein kan samle informasjon på, alt etter formålet med studien. Før ein gjekk i gang med intervju og anna datainnsamling så kontakta ein SIKT. SIKT er kunnskapssektoren sin tenesteleverandør der ein hadde slått saman NSD (Norsk samfunnsvitenskapleg datateneste), Uninett, UNIT – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning.

### **Dokumentanalyse:**

Det internasjonale arbeidet på skulen heng saman med Vestland fylke sine prioriteringar, Stortinget sin utdanningspolitikk og EU sine rammer og prioriteringar for det internasjonale arbeidet. I hovudsak skal prioriteringane frå EU sildre gjennom det nasjonale og regionale nivået og ned til den enkelte skule og elev/lærar som tar del i internasjonale prosjekt. EU, Noreg og Vestland fylkeskommune kjem ut med målsetjingar og strategidokument samt rapportar som er bakgrunnen for vårt arbeid. Det er viktig at ein analyserer desse mot problemstillinga ein har i denne oppgåva. Ein har gått gjennom 9 ulike dokument på ulikt nivå. På EU nivå har ein sett på Erasmus+ - Programme Guide som gjeld for inneverande periode – 2021-2027. Dette er kommisjonen sine visjonar, mål og strategiar for denne perioden (European Commission 2023), Det er forarbeidet til programguiden som omhandlar regulering av EU parlamentet og etablering av det

nye Erasmus+ programmet. Dette dokumentet er forarbeid til mellom anna samanslåinga av fleire tidlegare program og at dette vart lagt inn i den nye Erasmus+ programmet (European Commission 2018). I «green paper» frå 2009 ynskte EU kommisjonen å ha meir fokus på å «increase the importance of learning mobility» (European Commission 2009, 2). Vidare har ein sett på European centre for the Development of Vocational Training (heretter CEDEFOP) sin ECVET rapport frå 2015. Denne rapporten har mellom anna sett på kvalitetssystem, marknadsføring og om det har vore mogeleg å laga eit kvalifiserings system for internasjonalisering i vidaregåande skular i Europa (CEDEFOP 2016, 1). Vidare på det nasjonale plan er Regjeringa sin Stortingsproposisjon 172 S (2020-2021) Erasmus+ tilslutninga til Noreg, der regjeringa tilrår å delta i programmet fram til 2021 (Regjeringen 2021, 6). I tillegg EØS protokoll som omhandlar yrkesfag av 1994 (Lovdata 1994). På det regionale nivået har ein sett på Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland fylkeskommune 2020-2024. Der legg fylkeskommunen visjon, mål og strategiar for kva dei vil oppnå med det internasjonale samarbeidet i Vestland fylkeskommune (Vestland Fylkeskommune 2020). Til sist er det HK-dir, eller dåverande SIU som i 2017 har eit arbeidsnotat som omhandlar internasjonalisering i vidaregåande opplæring. Dette dokumentet er det som tek for seg HK-dir sine funn og betraktningar knytt til suksesskriterier for internasjonalisering i vidaregåande skule (SIU 2017). I tillegg er kom det ut ein rapport frå dei same om erfaringar og utbyte av internasjonalisering innan yrkesfag i 2019 (DIKU 2019).

### **Semistrukturerte Intervju**

Problemstillinga definerer kva metode som bør nyttast når ein skal samle informasjon. Då ein skal sjå på suksessfaktorar har ein i utgangspunktet nokre tankar om kva dette kan vere, men i informasjonsinnhentinga kan det vere andre moment som kjem fram. Difor passar det å nytte semistrukturerte intervju. Det var fem som var vald ut som respondentar i desse intervju. Rektor som øvste administrative leiar for skulen. Han er også juridisk ansvarleg for gjennomføring av Erasmus+ prosjekta. I tillegg har han vore tilsett i heile perioden skulen har drive med internasjonale prosjekt. Vidare var det avdelingsleiar for Bygg, Tekniske fag og Elektrofag. Vedkommande var den siste avdelingsleiaren som vart med på

internasjonale prosjekt. Til slutt intervjuar eg tre elevar som var utplassert i same prosjekt i Spania hausten 2022.

Intervjua med rektor, avdelingsleiar og elevane var gjort i februar 2023. Ramma for intervjuet var 40-45 minutt. Starten av intervjua var avklaring av rolle og at intervjua vart tekne opp digitalt og at dei etterpå vart transkribert. I tillegg at dei digitale intervjua vart lagra på ein sikker måte og destruert når oppgåva var ferdig.

Intervjuguiden (sjå vedlegg 2,3,4 og 5) er sett opp med nøkkelspørsmål eller tema som ein skal spørje om. Det vart ikkje stringent gjennomført, og det vart litt ulike spørsmål alt etter kva retning intervjua tok. Ein får meir individuell informasjon og ein kan stille oppklarande spørsmål undervegs (Arntzen og Tolsby 2010, 73).

I intervjusituasjonen var det viktig å halde fokus. Det var og viktig å ikkje gå for langt ut frå dei oppsette tema og spørsmål. Det var eit poeng at to av respondentane svara om lag det same slik at ein kunne samanlikne dei svara som vart gjeve.

Etter intervjua vart desse lydopptaka transkribert og kvalitetssikra. Desse skal slettast når oppgåva er vurdert.

### **Tankekart**

Tankekart eller mind map er knytt til det å kome på idear (brainstroming) som ein kan strukturere grafisk (Kernan, Basch og Cadoret 2018). I denne samanhengen er tankekart meir brukt som verktøy for å gjenfortelling og strukturere dei erfaringane som elevane hadde i sin praksisperiode.

Dei 3 elevane som vart intervjuar vart også samla der dei vart bedne om å lage eit tankekart over den erfaringa dei hadde hatt i praksis i Spania. I denne sesjonen vart hovudtema sett opp – Praksis i Spania. Fagleg, sosialt, kultur, reise, førebuing. Utan vidare rettleiing så nytta dei 40 minutt på å koma fram til dei elementa som ein skal vise til seinare i oppgåva.

Tankekart er vorten ein modell skulen nyttar i sitt arbeid med evaluering av dei ulike gruppene som har vore i praksis i Europa.

### **Habilitet – Normative problem**

Det skal hentast data frå eigen skule der den som skriv denne oppgåva er tilsett som internasjonal koordinator. Oppgåva og kurset er gjort på eige initiativ etter inspirasjon frå forskar Åsa Perez-Karlsson – universitetslektor ved Gøteborg universitet. I 2015 hadde ho eit føredrag om kva påverknad kortare

mobilitetsopphald hadde for elevar i vidaregåande skule. Dette var starten på å tenkje at ein kan trenge meir kunnskap om mobilitet innan yrkesfag i Noreg. Det å ha to interesser i denne prosessen som forskar og tilsett er utfordrande. Det har vore viktig å så langt som råd skilje desse rollene. Den subjektive dimensjonen er ei utfordring for oppgåva sin reliabilitet. Respondentane er kjend med forskaren si rolle som internasjonal koordinator. Dette vart sagt i klårt tekst då dei vart intervjuet. Det kan fort skje at ein vel ut sitat som stemmer med forskaren sine favorittframstillingar (Ringdal 2018, 249). Dette kan setje forskaren i eit betre ljøs enn om ein eventuelt skulle teke fram andre sitat som hadde ein meir negativ tone. Underteikna er oppteken av å læra mest mogeleg, og om det kjem negative eller ikkje fullt så positive moment fram, er det også læring.

I mitt yrke som internasjonal koordinator er det eg som har lagt til rette for det organisatoriske med utvelging av elevar. Det er rektor som til slutt avgjer kven som skal tildelast mobilitet. Eg er med på det praktiske i den prosessen. Eg skriv kontrakt med elevar og føresette om praksis og reise ut i Europa.

Med bakgrunn og kunnskap om feltet og evne til refleksjon sjølv, kan det opnast for ein rikare forståing av problemstillinga (Andersen 2013, 66). Med fokus på habilitet og ulike roller og samarbeid som me alle har hatt i prosjektet, så har det vore ei føremon. Det å kunne diskutere og vurdere saman med fleire har gjeve oppgåva eit viktig perspektiv.

Det er viktig at ein opprettheld ein høg etisk standard, og habiliteten er i så måte viktig (Yin 2018, 8). I starten av intervjuet informerte eg respondentane om kva rolle eg hadde som forskar, og at eg i dette tilfelle ikkje var internasjonal koordinator. Eg meldte respondentane på førehand og spurte om dei ynskte å vere med. Eg informerte om korleis eg skulle behandle dei data som kom fram under intervjuet. At lydfiler skulle bli sletta, at transkripsjonen skulle til respondentane til gjennomlesing, og at data som vart samla inn vart liggjande på maskiner og server som er fylkeskommunale, med dei sikringstiltaka som dei har.

Som forskar i kvalitativ forskning skal ein rette blikket mot mennesket si kvardagshaldning i ein naturleg kontekst (Postholm 2004, 3).

Dette er eit forskingsprosjekt som inneber eit tett samarbeid til forskaren (meg) og deltakarane (rektor, elevar og avd.leiar). I arbeidet med å finne ny kunnskap skal ein inn i deltakarperspektivet. Kunnskap og forståing vert skapt i ein sosial interaksjon (Postholm 2004, 9).

Målet med dette arbeidet er å utvikle ny kunnskap, at det er mogleg å etterprøve. At det er ærleg, åpent og systematisk. Ein skal freiste å kome så nær sanninga som mogeleg (Holden 2018; 22, 10) .

I dette tilfellet er forskaren motivert av å lære av prosessen med oppgåva. Om ein kjem til andre konklusjonar enn det ein hadde førestilt seg på førehand, så vil det måtte bli konklusjonen. Om arbeidet skal kunne vere nyttig for andre som arbeider med internasjonale arbeid i skulen bør ein ha ein profesjonell haldning til dei funna som kjem fram i oppgåva.

Lang erfaring med internasjonalt arbeid i same organisasjon gjer at undertekna har kunnskap og haldningar til temaet oppgåva omhandlar. Dette kan vere vanskeleg. Men med bakgrunn og kunnskap om feltet og evne til sjølvrefleksjon, kan opnast for ein rikare forståing av problemstillinga (Andersen 2013, 66).

Sjølv om problemstillinga tilsynelatande ikkje er kontroversiell, så er det dilemma i arbeidet med internasjonalisering. Me sit med makt der me bestemmer kven som får stipend eller ikkje. Me har lagt premissar for kriteria ein vel ut frå, og me har kontroll på heile prosessen frå utlysing av midlar til eleven eller læraren faktisk er komen heim etter avslutta mobilitet.

I dette tilfellet er forskaren nysgjerrig på om det er aspekt ved arbeidet som er utelete, eller som må prioriterast høgare. I så tilfelle vil intervju, gruppearbeida vere ei rettesnor for vidare arbeid med internasjonalisering i skulen. Men med bakgrunn og kunnskap om feltet og evne til sjølvrefleksjon, kan opnast for ein rikare forståing av problemstillinga (Andersen 2013, 66). Det gjer at ein kan gje ei retning på dei opne spørsmåla som sirklar rundt det som ein ynskjer å få fram i problemstillinga.

Internasjonalisering som at elevar og tilsette møter Europa kan sjåast i eit sosiokulturelt perspektiv. Lev Vygotsky sin sosiokulturelle teori går på interessa rundt interaksjonen mellom personen og det sosiale miljøet. Utvikling skjer på det ytre plan og beveger seg mot det indre plan (Postholm 2004, 10). Vygotskyj meinte at samfunn spela ei sentral rolle i prosessen i det å skapa mening med livet mellom anna. Og han ser på det å innhente kunnskap som ein kumulativ prosess som er avhengig av kultur og kontekst (Mcleod 2022).

## **Analyse**

Analysen er gjort på bakgrunn av dokument som vist tidlegare i oppgåva. Utvalet av dokument er på fleire administrative nivåa som vert referert til i oppgåva. Frå det lokale, regionale via det nasjonale til det internasjonale.

### **Ulike suksessfaktorar set frå HK-dir si side**

I rapporten frå HK-dir er det fire moment som dei meiner er faktorar for suksess med internasjonalisering det er (DIKU 2019, 40):

- God forankring i leiinga og skulen sine strategiar
- Finna riktige samarbeidspartnarar
- Betydning av dedikerte eldsjeler som koordinerer arbeidet
- Eigarskap og brei deltaking i personalet

Desse momenta er ikkje i prioritert rekkefølge i rapporten men utfyller kvarandre. Her ser ein at koordinering av arbeidet er ei føremon og kanskje også ein premiss for kvaliteten i arbeidet.

I tillegg til moment for suksess skildrar dei det internasjonale landskapet i dei vidaregåande skulane i Noreg.

I rapporten skil dei skulane mellom tre ulike prosjektmodellar.

- Modne prosjekt
  - Internasjonalisering er ikkje eit prosjekt, det er integrert i skulen si daglege drift
  - Sterk forankring i leiinga
  - Betydeleg del av skulen sin strategi



- Internasjonalisering er integrert i kvalitets- og pedagogisk utvikling på skulen
- Eldsjeldrivne prosjekt
  - Internasjonalisering er prosjektbasert
  - Lågare forankring i leiinga og dei tilsette
  - Mobilitet vert tilbudd på den avdeling der eldsjela arbeider
- Instrumentelle prosjekt
  - Prosjekta skal sikra behovet for særskilt kompetanse
  - Til dømes Handverkstradisjonar som treng meir kunnskap

Av desse prosjektmodellane er Voss vgs eit modent prosjekt. Arbeidet er institusjonalisert. Det er brei forankring, det er avsett ressursar og ein har ein klar plan for kva ein vil med dei internasjonale prosjekta. Det vert ikkje sett spørsmål til om ein skal fortsetje med prosjekta, men meir at ein er med å utviklar dei eksisterande prosjekta. Dette er alt frå å laga ein eigen europeisk plan for det internasjonale arbeidet til det å prioritere å skaffe praksisplassar som er i tråd med nye læreplanar og dei behov som elevane våre har.

SIU (senter for internasjonalisering i utdanning) eller det som no er HK-dir. gav ut ein rapport i 2011 om kartlegging av internasjonalisering i vidaregåande skule ( Senter for internasjonalisering av utdanning 2011). Der nyttar dei ein multippel lineær regresjon som skal skildra korleis eitt sett av uavhengige variablar påverkar ein avhengig variabel. Dei uavhengige variablane var:


- Storleik på skule
- Studieførebuande
- Yrkesfag
- Forankring i leiing
- Forankring i personalet
- Brei forankring

Tabell 18: Forklaringsmodell for deltagelse i internasjonaliseringsprogram

	Beta	Signifikans
Skolestørrelse	0,273	0,000
Studieforberedende	-0,134	0,045
Yrkesforberedende	-0,071	0,309
Lederforankring	0,084	0,287
Lærerforankring	0,155	0,033
Bred forankring	0,258	0,001
<b>Forklart varians (R<sup>2</sup> justert)</b>	<b>0,143</b>	

Modellen fortel at storleik på skule har ein sterk positiv effekt på deltaking i internasjonale program. Di større skule, di større aktivitet. I tillegg har forankring i leiing og personalet ein betydeleg positiv effekt.

Figur 6: Ansvar for internasjonaliseringsarbeidet (prosent)



Ved rundt 35 prosent av skolene er ansvaret for administreringen av internasjonaliseringsarbeidet overlatt til en egen internasjonaliseringsansvarlig. Ved rundt en fjerdedel av skolene er det rektor eller skoleledelsen som har dette ansvaret. Bare vel 10 prosent oppgir at det er den enkelte lærer som administrerer dette selv. Ved vel 28 prosent av skolene er ansvarsfordelingen mindre klart definert og varierer fra prosjekt til prosjekt.

Kjelde: ( Senter for internasjonalisering av utdanning 2011, 10)

Her ser ein at det er 1/3 del av dei vidaregåande skulane i Noreg som i 2013 hadde eigne ansvarlege for internasjonalisering på eigne skular. ¼ del var det leiing som hadde ansvaret og i nesten 40% av prosjekta så varierte det eller at den enkelte lærar forankra arbeidet.

Dette er ikkje heilt nye tal, men slik ein kjenner til dei einskilde fylka og skulane er det nok ikkje så mykje endring i dette biletet. Ein veit at under Covid 19 var det fleire

skular som la ned ressursar i det internasjonale arbeidet. Det var ikkje naturleg då det ikkje var fysisk internasjonal aktivitet. På Voss vgs. Gjekk arbeidet som før med å halde kontakt med partnerane i Europa. For fleire skular er nok biletet endå slik at internasjonalisering er prega av dugnadsarbeid. For å få auka kvalitet og tal på internasjonalisering burde Staten freista eit prøveprosjekt der skular kan søkje lønnsmidlar til internasjonal koordinator. Desse skulle vart i minst fire år, sidan det tek tid å etablere auka volum og kvalitet i arbeidet.

### **Frå «happening» til institusjonalisering og modne prosjekt**

I fylgje rektor så gjekk det internasjonale arbeidet frå meir ein «happening» til at det etter relativt kort tid vart institusjonalisert.

«Eg har vore tilsett i heile denne tida. Då me starta var det litt famling og kanskje meir ein happening på mange måtar før ein såg at dette var eit viktig arbeid. Nokre år etterpå fekk me til eit 7 månaders utanlandsopphald for vg2 Hestefag i Ungarn. Då vart dette institusjonalisert».

I frå byrjinga rundt år 2000 til at ein nokre år seinare definerte eit 6 månaders opphald i Babolna-Ungarn som ein del av opplæringa innan hestefag. Dette viser at skulen verkeleg såg verdien av dei internasjonale prosjekta. Det å byggje opp relasjonar, samanlikne fagplanar, få til digitale kurs m.m. på 2000 talet var ei stor utfordring. Skulen prioriterte dette arbeidet svært høgt, og prosjektet var av høg kvalitet. Av dei studentane som studerte i Ungarn, så er det ei som i dag er tilsett på skulen.

### **Institusjonalisering av det internasjonale arbeidet**

Internasjonalisering har gått frå å være ei «happening» til å verte institusjonalisert. Å institusjonalisere det internasjonale arbeidet på Voss vidaregåande skule har vore gjort sidan internasjonalisering vart eit tema i kunnskapsløftet 2006. Ein prioriterte å gje ansvaret for dei internasjonale prosjekta til ein lærar som skulle stå for planlegging, gjennomføring og evaluering av dei internasjonale prosjekta.

I fylgje rektor så:

Ja, det ligg i ulike Stortingsmeldingar og det låg også i generelle læreplanane som kom frå 2007 at internasjonalisering vart lagt meir og meir vekt på. I forhold til fylkeskommunen så har det ikkje vert sagt så mykje i forhold til den einskilde skule å hausta erfaringar med dette og gjere prioriteringar på dette.

I stortingsmelding nr. 14 – «Internasjonalisering av utdanning» står det eksplisitt at barn og unge skal møte dei utfordringane som kjem med aukande globalisering. Får å nå desse måla skal vidaregåande skule ha differensierte tiltak tilpassa utdanningsløpa (Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009, 6).

Grunnopplæringa i skulen skal ha brei internasjonal og fleirkulturell orientering. I fylgje fyrste avsnitt i formålsparagrafen i opplæringslova skal:

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opna dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring (Kunnskapsdepartementet 2022).

Staten og regjeringa har gode mål og hensikter med ynskje om eit breitt internasjonalt grunnlag. I forslag til tiltak i Kunnskapsløftet 2006 skriv dei at ein skal bidra til auka bruk av EU program. Dette skal skje mellom anna med :

- Betre rådgjeving og informasjon om dei ulike programma
- Sørge for at Noreg er med i programma (t.d. Erasmus+)
- SIU (Senter for internasjonalisering i utdanning) – no HK-dir vert eit servicesenter

(Kunnskapsdepartementet, Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14 2009).

HK-dir gjer mykje for at vidaregåande skular skal kunne ta i bruk programmet Erasmus+. Dei informerer om dei ulike programma og samlar vidaregåande skular til seminar/informasjon. Dei evaluerer søknadar som kjem inn og saman med andre nasjonalkontor for Erasmus+ i Europa vert det skipa kontaktseminar. I tillegg har dei eiga avdeling for marknadsføring og forskning innan internasjonalisering.

Dette er bra, men HK-dir eller Staten ved regjeringa har få tankar om korleis dette arbeidet best skal organiserast i vidaregåande skule. I programma ligg det noko kalla organizational support. Dette er ein sum pengar som skulane kan nytta til diverse mindre utgifter i det internasjonale arbeidet. Alt etter kor mange prosjekt kvar skule har, så er ikkje dette nok til dekke ei større del av stillingar. Skulane får ei økonomisk ramme frå fylkeskommunen som er basert på rammeoverføring. Det inneber at dei alle fleste tiltaka er lagt i ramme, så er det opp til kvar einskild skule å prioritere innafor denne ramma.

Om ein skal få arbeidet med internasjonalisering i vidaregåande skule sett i system kunne det vore interessant med eit prøveprosjekt der nokre fylker får øymerka midlar som dei kunne tilsett personar som kan sitje som internasjonale koordinatorar.

Voss vidaregåande skule har følgd det som har kome sidan stortingsmelding 14 og målet for vår skule seier rektor at:

Med auka globalisering, samarbeid innan dei fleste område i Europa er det naturleg at me gjev elevane ei forståing for andre kulturar og nasjonalitetar. Det er viktig i forhold til å ta miljø og berekraft. Det er viktig å sjå og lære korleis andre samfunn er bygd opp, andre strukturar. Generell allmenndanning at det er viktig for elevar å sjå andre ungdomar, språkleg, kulturelle og samfunnsmessige delane av internasjonaliseringa.

### **Ressurs til internasjonal koordinator**

Rektor meiner at:

«Skulen har ein koordinator. Og skulen kunne ikkje drive dette utan at skulen har økonomi til dette. At ein får ekstern finansiering av prosjekta er viktig».

Avdelingsleiar seier at:

Eg meiner at ein har ressurs i internasjonal koordinator. Det er ikkje tvil om at ein treng gode kontaktar i Europa, og at koordinator har klart å få tak i desse kontaktane og praksisplassane. Heilt uvurderleg om ein ikkje har pådrivarar i Europa. At ein reiser ut og møter dei som skal ta imot våre elevar som skal ta imot våre elevar.

Voss vidaregåande skule var tidleg med å definere ressurs til arbeidet, og den har vore meir eller mindre stabil i den perioden skulen har drive med internasjonale prosjekt.

I rapport frå DIKU – (Direktoratet for kvalitet i utdanning) – heretter HK-dir frå 2019 (DIKU 2019, 14) så har dei aller fleste skulane oppretta ein posisjon eller rolle som internasjonal koordinator. Dette er betydeleg fleire enn i rapport frå 2011 ( Senter for internasjonalisering av utdanning 2011) der berre 35% av skulane hadde ei slik stilling. Voss vgs har avsett 50% stilling til dette arbeidet. I landssnittet er dette mykje.

I forhold til rapporten av 2019 seier rektor ved Romsdal vidaregåande skule: «Det er internasjonal koordinator som er primus motor og som sprer ordet» (DIKU 2019, 15).

Utsaknet peikar på to hovudfunksjonar i arbeidet. Det eine er å vere ei drivkraft i arbeidet med å realisere alle mobilitetane med all logistikk som høyrer med. Det andre er å spreie informasjon og å mobilisere interesse og engasjement for internasjonalisering på skulen.

Voss vgs var tidleg ute i Noreg med å definere stilling som skal ha ansvaret for internasjonalisering. Innhaldet i stillinga er mellom anna at den ressursen skal søkje midlar, promotere, følgje opp, evaluere og setje i gang nye prosjekt. I tillegg skal ein rapportere til leiargruppe og leggje fram eventuelt nye prosjekt som kjem.

Stillinga er underlagt rektor – og har prokura i forhold til å handtere søknader og økonomi i prosjekta. Internasjonal koordinator nyttar leiargruppene på dei to skulane vedkommande er knytt til som referansar i det daglege arbeidet.

### **Er arbeidet også forankra i blant personalet på skulen?**

Her spør ein rektor:

I og med at me prioriterer dette i utviklingsplanen – det viser at det er prioritert. Me har teke det ut av utviklingsplanen no, og at det no er institusjonalisert . Det er ikkje diskutert om ein skal fortsetje dette eller ikkje, difor er det forankra. Me i leiinga som ser resultata og nytteverdien av mobilitetane-så vil dette verte prioritert framover. Personale er i det store og heile nøgd med det internasjonale arbeidet.

Forankring av det internasjonale arbeidet er viktig. Det er ikkje alle som er med i mobilitet. Kvar programområde får x antal mobilitetar. Elevar kan søkje desse og i prosess så selekterer ein dei elevane som får tilbodet om praksis i Europa. For kvar einskild mobilitet må ein tilpasse mobilitetane på ulikt vis. Kor mykje skulearbeid skal dei ha med seg? Kva rapportar skal skrivast etc.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse skriv i web artikkel om Nøkkelen til internasjonalisering (E. J. Duncan 2020) og forankring. Det internasjonale arbeidet må forankrast i skulekulturen. Det er berre ein tredjedel av skulane som legg internasjonalisering inn i sine lokale planar. Duncan skriv at ein lærande skule

står fram med ein open skulekultur som er prega av fagleg leiing og samarbeidskultur som legg til rette for kompetanseutvikling.

På Voss vidaregåande skule seier rektor at: «At me klarar å sende ut elevar sjølv om læreplanane og undervisning skjer parallelt, betyr at ein har tilsette som ser at dette er viktig og kan gjere dei prioriteringane slik at ein år til mobilitet for elevar».

På Voss vgs er det langt frå alle lærarar som har vore i mobilitet i Erasmus+. Av dei 120 tilsette me er så er det om lag 20 som er i mobilitet kvart år. På tross av dette så er det stor forståing for at elevar søker og får reise på praksis i Europa. Det er også stor vilje til å bidra når skulen får besøk av internasjonale gjester til Voss. Skulen tek internasjonalisering med seg i årsplanar og korleis ein timeplanlegg dei internasjonale prosjekta som skulen har. Som vist over så er Voss vgs definert som eit modent prosjekt.

Lærarane som har praksisfaget YFF (Yrkesfagleg fordjuping) er viktige medspelarar. Utan at dei hadde vore med på dette, teke ansvar – gjort jobben med informasjon og koordinering hadde det vorte vanskeleg.

Avdelingsleiari seier et «Forankring hjå YFF lærarane som skal vere med å arbeide med prosjekta er viktig. Me vil at det skal vere positivt, og at det ikkje er ein ekstra byrde for elevane. Elevar og lærarar gler seg til å reise ned med elevane» .

Avdelingsleiaren seier vidare at:

Me må legge til rette for at våre elevar kjem i bevegelse ute i Europa – at me hjelper elevane korleis dei kan koma ut i praksis på bestemmelsesstaden som er i Europa. Forankringa i avdeling er viktig, og då må lærarane vere med på desse reisene og følge personane ut i Europa. Nokon skal ikkje reise fordi dei “brenn” læreplassen som dei kunne.



YFF lærarane vert ofte brukt som følgepersonar til dei prosjekta me har ute i Europa. Dei vert den internasjonale koordinator si forlengte arm ut til skulen sine partnerar i Europa. Dei gjer eit svært viktig arbeid. Partnerane til skulen er ofte andre skular i Europa, og ikkje byrå eller firma som tilbyr å skaffe praksis, overnatting m.m. Valet er bevisst mellom anna fordi med samarbeid med skular så har me den same pedagogiske referanseramma. I tillegg så er dei ivrige etter å sende elevar og andre tilsette til oss. Dette vert ein «loop» i vårt arbeid.

### **Faktorar som å rekruttera og behalda elevar på skulen**

Andre faktorar som er viktig i det internasjonale arbeidet er mellom anna rekruttering og at ein beheld studentar på skulen. Dette er noko som rektor er oppteken av i dag.

Få fleire elevar til å fortsetje på skulen, og at me kan bruka internasjonalisering som eit tiltak for å halda elevane på skulen vår. At ein kan tilby åre elevar kunnskap og erfaring frå Europa i Normandie som for eksempel.

Elev nr. 3 seier det at:

Men før jeg begynte på Voss vgs, så gikk jeg en uke på Voss gymnas fordi jeg visste de hadde utveksling. Men når jeg hørte at det var mulig på Voss vgs – så byttet jeg skole.

Målsetjinga til rektor er klar for neste skuleår. Me har som mål å tilby internasjonalisering til fleire elevar neste skuleår- Det vert lagt opp til at dei elevane som går påbygningåret – Vg3 skal få oppleve å møte Europeisk historie og kultur i Normandie i Frankrike. Dette vert kortare mobilitet enn dei 4 vekene som er vanleg å vere ute for dei elevane som er i arbeidspraksis. Suksessen med arbeidspraksis vil no overførast som eit prosjekt til Vg3.

Elev 3 har også sett at det å kunne søkje internasjonale prosjekt kan også skje på Voss vgs. Som gjorde til at han søkte seg opp til den skulen.

## Personleg vekst og utvikling

Rektor meiner at i forhold til vekst og utvikling så er dette viktig:

Trur at det gjer noko med deg når du er ute i 3-4 veker. Berre det å pakke kofferten og koma deg ut i Europa er mykje læring. Trur du vert meir orientert. Det er vanskeleg å måla direkte effekt av utanlandsopphaldet, men at det skjer mykje læring.

I fylgje Fullføringsreforma er det å delta på læringsopphald i utdanning sett på som kompetansehevande og at det gjev motivasjon og betre opplæring for elevane (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 118). Elevar som har delteke i internasjonale prosjekt med praksis i utlandet har stort utbyte når det gjeld sosiale ferdigheiter og personleg utvikling.

Dette er mykje av essensen i det arbeidet som vert gjort på Voss vidaregåande skule. Skulen arbeider hardt for at elevane får relevant og god praksis knytt til YFF faget (praksisfaget) på skulen. Kvaliteten på dette arbeidet vert gjort med at ein i samarbeid med avdelingane og elevane definerer kva interesser og behov ein har innafor YFF faget og at ein freistar å finne gode praksisbedrifter som kan imøtekomme desse behova.

Elev 1 som var ute i Spania i 3 veker i bedrift seier at:

Oppholdet har gjort at eg har utvikla meg til å bli meir frampå. Flinkare til å introdusere meg til nye folk. Når eg før var meir tilbaketrukken, så er eg meir frampå no. Har lært mykje språk, engelsk, spansk. Lært meir om rafting. Etter 3 veker med dei 2 andre – så har eg lært å omgås andre. Vi 3 blei svært gode venner etter dette opphaldet. På slike reiser får ein alltid noko som ikkje skjer etter planen. Men det var flaks at me kunne litt spansk slik at me kunne kommunisere litt med spanjolar.

For eleven så har dette opphaldet hatt ein positiv innverknad på hennar personlege veremåte. Dette er i tråd med det som Åsa Pèrez Karlsson nemner i si doktoravhandling om erfaring i kortare mobilitetsopphald i Europa. Erfaring meint som kunnskap og ferdigheiter som ein har opparbeidd seg under eitt slikt opphald. John Dewey argumenterer for at erfaring vert ein livslang prosess og er med på å byggje nye perspektiv som vil hjelpe deg i nye situasjonar i livet (Karlsson 2014, 19).

Elev – 3 som også var i same bedrift seier at:

Det har gjort at eg har tenkt på val av karriere. Kjekt å holde på med turisme og arbeide i rafting bedrift. Eg har tenkt at eg skal begynne på eit skikkeleg studie og få en seriøs jobb. Kjekt å sjå at eldre folk kan klare å rafte. Har påverka meg og eg skal arbeide som guide denne sumaren fordi eg har fått kompetanse innan rafting.

Eleven legg vekt på val av karriere. Sett opp mot det som Åsa Pèrez Karlsson finn i sitt studie så skriv ho om at møter med andre menneske og refleksjon etter mobilitet viser at elevane finn nye aspekt knytt til deira eiga utvikling (Karlsson 2014, 131). I dette tilfellet har eleven fått nytt perspektiv på si eiga karriere.

Det same kan ein sei om det den siste eleven seier at:

Eg merka at eg er ung og må disponera tida mi på det eg får det beste utbytte av. Så kan eg finna ut av ting seinare. Det opna opp tankane mine og eg har reflektert over dette. Eg såg kva som betydde noko for meg. Det å utfordra meg på ulike måtar. Det å reise utan foreldre og klare meg sjølv.

Alle elevane viser til det at ein har fått reflektert over kven dei er. At dei på ulikt vis får reflektert over dei personlege utfordringane som dei har stått i er interessant og eit positivt innspel til skulen for vidare arbeid.

Det har vist seg at internasjonal erfaring har ein direkte effekt på sosiale ferdigheiter og personleg utvikling (Perez-Karlsson 2015, 8). Ho undersøkte kortare mobilitetsopphald i Europa og kom fram til at den største effekten av mobilitetsopphalda var at studentane hadde eit stort personleg utbyte av mobiliteten. Det faglege aspektet kom i bakgrunnen og var ikkje avgjerande for eleven sin vidare skulegang.

Dette stemmer godt over eins med erfaringar frå Voss vgs. Elevane vert sendt ut som elevar og kjem heim att som studentar. Dei har no evna å klara seg sjølve og handtert det å vere i praksis i eit anna land med nytt språk og kultur rundt seg.

Avdelingsleiar for Bygg, TIF og Elektro har vore med i det internasjonale arbeidet sidan 2017. Og er difor ganske «ny» i dette arbeidet.

Kvifor skal skulen drive med internasjonale prosjekt?

I byrjinga tenkte eg at dette ikkje var noko spesielt. Men etter som eg har vorte meir og meir involvert i dette, samt å sett elevane korleis dei veks på dette. Så er dette noko dei tykkjer er kjekt og stas å vere med på. Ikkje berre fagleg, men og sosialt sett.

Personleg vekst og gleda av å sjå korleis eit relativt kort praksisopphald i Europa påverkar elevar er flott å oppleve.

### **Korleis har opphaldet påverka deg fagleg?**

Elev 1 seier at vedkommande vil arbeide med rafting vidare:

Absolutt, eg kan 100% å arbeide som raftingguide på sumaren. Men eg skal ein eller anna gang gjere det. Me padla litt elve-kayak også, og det har me fått praktisert også når me kom heim på skulen. Og me hadde då ein fordel med å ha gjort dette i Spania.


Elev 2 meiner at :

Ja, me lære mykje om rafting, lesa elv og elvekajakk. Eg har fått meir kunnskap innan vassaktivitetar. Eg kjem til å driva med dette på fritida i alle fall. Om det vert ein jobb, veit eg ikkje.

Elev 3 seier at:

Eg har fått ein god erfaring. Kanskje ikkje noko eg skal arbeide med heile livet. Kjekt å gje folk ein god opplevelse, og i tillegg at ein får god mosjon av å arbeide med dette. Det er definitivt noko eg ynskjer å arbeide med framover.

Det er i YFF faget ein har praksis, og praksisfaget er eit viktig fag i utdanninga. Det er viktig for skulen å vite at det er kvalitet på praksisen. Elevane er meir og meir bevisst på at dei ynskjer ein god og relevant praksis.



Figur 2 - Tankekart-gruppeoppgåve-elevar

Det ein ser på tankekartet som elevane har laga etter si økt er at dei har mykje på sosialt, kultur, sjølve opphaldet. Og mindre på det reinte faglege. Dei legg vekt på samholdet dei i mellom, gjestfridomen dei møtte og at dei vart invitert med på ulike ting.

Alle desse momenta går igjen i Programmeguiden til EU kommisjonen. Behovet for at europeiske innbyggjarar skal få eit utbyte av kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse i eit samfunn som endrar seg i rask fart (European Commission 2023, 4).

I tillegg kan ein lese dette i Fullføringsreforma som er vedteken i Stortinget.

Elever som har deltatt på mobilitetsaktiviteter, har stort utbytte når det gjelder sosiale ferdigheter og personlig utvikling i tillegg til læringsutbytte i språkkunnskapar og kulturforståelse (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 119).

Elev 2 seier at:

Eg vil sei det var aktivitetene. Raftingen var ekstremt kjekk. Det er fortsatt noko eg vil fortsetje å drive med. Kjem heim igjen med ein ekstremt fordel i faget. Har hengt med Guider i 3 veker. Ein ser på væremåten deira korleis dei handterer rafting og kunder. Nå har eg ein fordel fordi eg har lært mykje av de. Det som var bra – men de sosiale aktivitetene og måten vi blei tatt imot på og at de var imøtekommande var veldig gøy.

Her møter ein det same som ein kan lese vidare i Fullføringsreforma. Elevane blir meir sjølvstendige og trygge på seg sjølv. I tillegg viser reforma til at tidleg mobilitet fører til mobilitet i høgare utdanning.

Elev 1 melder at:

Vi var veldig heldige. Er glad for at i var på samme plass i 3 veker og blei kjent med kollegaene våre og plassen. Vi fikk være med på alt vi kunne vere med på. Vi fikk god opplæring, tok ekstra turer med oss. Satt av ein guide som lære oss det som vi skulle kunne. Eg trur om vi hadde vært der 1 veke, for me ikkje hadde blitt tatt inn i varmen på den samme måte

Elev 3 seier at:

Eg vil sei det var aktivitetene. Raftingen var ekstremt kjekk. Det er fortsatt noko eg vil fortsetje å drive med. Kjem heim igjen med ein ekstremt fordel i faget. Har hengt med Guider i 3 veker. Ein ser på væremåten deira korleis dei handterer rafting og kunder. Nå har eg ein fordel fordi eg har lært mykje av de. Det som var bra – men de sosiale aktivitetene og måten vi blei tatt imot på og at de var imøtekommende var veldig gøy.

Refleksjonen desse 3 elevane viser er ei breiare forståing av programfaga som dei har på skulen. Dei nemner både formell og uformell kunnskap som er det same målet som EU kommisjonen har i sin programguide. Det å promotere formell og læring samt aktiv deltaking i Europeisk næringsliv og kultur (European Commission 2023, 6).

For regjeringa så definerer dei Erasmus+ - EU sitt opplæringsprogram som ein hovudarena for samarbeid om utdanning og samarbeid. I perioden 2014-2020 fekk grunnskulesektoren om lag 680 millionar kroner frå EU til gjennomføring av ulke prosjekt (Kunnskapsdepartement 2020-2021, 120). Av desse har dei vidaregåande skulane på Voss fått om lag 15 millionar, og det er sendt ut om lag 500 elevar og lærarar.

## Kvifor vil elevane ha praksis i Europa?

Elev 1 meiner at:

Ein heilt unik mulighet for å oppleve noko nytt, hadde ikkje vert i Spania før. Alt med vassaktivitet var spennande og gøy. Elsker å reise og så passa det meg veldig bra. Det var ikkje noko poeng i å ikkje søkje dette stipendet.

Opplevelse og det at ein får arbeidspraksis i tillegg er eit sterkt moment for denne eleven.

Elev 2 seier at:

For eg ville ha ein heilt ny opplevelse. Og de fekk eg absolutt. Prøva noko som eg ikkje har prøvd før. Høyrdes kjekt ut. Kvifor ikkje søkje.

Litt det same som elev 1 – opplevinga i seg sjølv er det viktigaste momentet for å vere med på noko slikt.

Elev 3 meiner at:

Det hørtas spennende ut, det er noe jeg har hatt lyst til lenge. Det var på ein måte når jeg hadde den muligheten – YES dette vil jeg. Det er fleire grunner til dette. Det er ein kul ting å ha gjort, Det er spennande. Så drar man gjennom skulen, trenger ikkje betale noko sjølv. Alt var tilrettelagt for dette. Det var veldig motiverende det da.

I tillegg til at det var spennande og ein ville oppleve noko nytt var momentet om at alt var tilrettelagt viktig for denne eleven.

Tilrettelegging er essensielt for organisasjonar som Voss vgs som deltek i dette programmet. Kvar organisasjon forpliktar seg til å ha effektive prosedyrar, fokus på HMS etc. Elevar skal følgast ut i til sine respektive praksisplassar av den organisasjonen som sender elevane (European Commission 2023, 11).

Regjeringa vil legge til rette for at internasjonalt samarbeid skal brukast aktivt i vidaregåande opplæring. Kva dette inneber er ikkje heilt klart, anna enn at det er ein strategi. Det er ei byrjing. Men ein kunne kanskje tenkt seg at ein fekk litt meir retning på satsinga til regjeringa med at dei formaliserte nokre tiltak.

## Organisatoriske faktorar

Kva fungerte bra og kva kunne vore gjort betre reint organisatorisk?

Elev 3 meiner at:

Jeg følte med trygg før jeg reiste. Alt virka som det var godt planlagt. I ettertid skjønte at det var fort gjort. Det var akkurat sånn at me kunne få reise siden dette var rett etter pandemien. Skulen var opptatt å få elevar ut så fort som mulig etter pandemien.

Elev 3 fekk spørsmål om førebuingsfasen-

Eg trur sikker vil vere forskjellig for de andre som reiste. Var ikkje så lang tid frå vi fekk vite at vi skulle dra til skuleåret var ferdig. Hadde lite førebuing saman dei 3 som reiste. Hadde møte med deg, men det var lite vi visste før vi reiste. Kanskje vi 3 kunne planlagd betre det som vi faktisk skulle gå gjennom. Sølvs om me prøvde å lære oss spansk alle saman. Men meir at me hadde fått meir informasjon om kvar me skulle og kva bedrift me skulle til. Kanskje ein telefonsamtale med sjefen eller eitt eller anna. Teams møte med dei ein skulle møte. Skulen skulle vært tidlegare og begynt prosessen tidlegare.

Elev 2 meinte at:

Kanskje me som gruppe skulle fått tid på skulen der me hadde planlagd meir detaljar på kva fasilitetar dei hadde. Me visste ikkje at dei hadde mykje klatreutstyr, då hadde me teke med det i bagasjen ned.

Dette viser at førebuingsfasen kunne vore betre planlagd og gjennomført. Utveljing av elevar som reiser ut før skuleåret startar vart gjort i mai. I denne perioden er det tentamen og eksamen, og det kan vere utfordringar med å finne tid for å førebu elevane til det som skal skje. I tillegg var dette rett etter Covid 19 – og skulen var kanskje meir oppteken av at ein skulle få elevane ut, og hadde mindre fokus på informasjon i den siste fasen før dei reiste ut.



## Avslutning

Det var inspirasjon etter å ha høyrd forskar Åsa Perez-Larsson som starta dette arbeidet med denne oppgåva. Ho skriv om kva elevar satt att med etter kortare praksisopphald i Europa. Voss vgs sitt fokus på internasjonalisering hadde i stor grad vore det faglege innhaldet, men Åsa trakk fram den personlege dimensjonen som var den variabelen som hadde mest effekt i hennar forskning. Dette gjorde at Voss vgs fokuserte meir på desse elementa. Kva skal til for at den personlege dimensjonen skal bli så optimal som mogeleg?

I oppgåva har ein sett på nasjonale og internasjonale trendar innan yrkesfag i vidaregåande skule. Ein har fått bekrefte at det er forholdsvis lite forskning innan feltet. EU har tal på alle som er i mobilitet og dei har noko «soft data» knytt til spørjeskjema som alle som har vore i mobilitet må svare på. Men for det meste er det talstorleikar og statistikk som er komen ut av det som EU har samla inn av data. Underteikna var på eit møte i Brussel i 2015 saman med SIU. Då hadde dåverande ambassadør i Belgia, Ingrid Schulerud, eit innlegg om internasjonalisering i utdanning. Det viktigaste ho trekte fram var møte mellom menneske. Det at ein elev eller tilsett på skulen pakkar kofferten, reiser ut, møter samarbeidspartnarar, bedrifter etc. er i utgangspunktet eit stort steg for ein elev som er 17 år. Noko av drivkrafta i dei internasjonale prosjekta er synet av elevane som kjem attende med ny fagleg og personleg erfaring som overgår det dei hadde forventa.

Det som er bra er at i seinare tid har Dempsey og Tran komen ut med forskning kring yrkesfag i heile verda. Dei peikar på tendensar og trendar som gjev bakgrunn for utviklinga innan yrkesfagleg utdanning i dag. Dette er eit viktig bidrag og kan kanskje vere med på å auka interessa for å studere internasjonalisering vidare.

Dei nasjonale trendane og prioriteringane for internasjonalisering i vidaregåande skule heng saman med prioritering i høgare utdanning. Det er viktig at det regionale og nasjonale nivået i Noreg får meir kunnskap om at noko av suksessen i desse internasjonale programma er verdiar som elevar tileignar seg og som vert bakgrunn for deira val vidare i livet.

Skulane som eigne organisatoriske objekt har høg grad av sjølvstende i å definere internasjonale prosjekt. Det kan ein sjå på som bra. Men om regjering og storting ynskjer høgare internasjonal aktivitet i grunnskulen er det ein del faktorar som bør på plass.

Det er desse faktorane som er sett på hjå Voss vgs.

- Forankring i leiinga

Dei internasjonale prosjekta er innarbeidd som ein naturleg del av skulen si drift. Det vert ikkje stilt spørsmål om ein skal vidareføra desse prosjekta. Dette ser ein att i arbeid med årsplanar. Det vert spurt om utplasseringsperiodar for faget YFF passar det internasjonale årshjulet som skulen har. Rektor har klare mål og definerer ynskjer og behov for det internasjonale arbeidet. Det gjer at arbeidet i leiinga vert prioritert. I HK-dir sitt arbeidsnotat (tidlegare SIU) legg ein vekt på leiinga si haldning og forståing av internasjonalisering (SIU 2017, 7).

- Forankring blant personalet

Utan engasjerte lærarar som er motiverte for internasjonalt arbeid er det (DIKU 2019)for internasjonalisering blant personalet stor. Dei legg til rette for elevar som skal ut i praksis med at dei ikkje gjer dei for mykje anna å gjere enn å vere ute i mobilitet. Dei føl med på rapportar som elevane sender attende frå opphaldet sitt og dei stiller opp når elevane presenterer sine erfaringar på skulen.

- Prioritering av stilling som internasjonal koordinator

Nøkkelfunksjonane til ein internasjonal koordinator skal vere a) vere ein drivkraft i alle oppgåver som skal gjerast og b) spreie informasjon, mobilisere interesse og engasjement. Om ikkje koordinator får med seg skulen sine tilsette så blir prosjekta fort sårbare og personavhengige (DIKU 2019, 16). Det er også det rektor på Voss vgs legg vekt på.

- Suksessfulle prosjekt på eit personleg plan

På Voss vgs skal alle elevane fortelje om sine opplevingar til klassar innan programområdet, men også andre om det er aktuelt. I rapporten frå DIKU er elvane sitt utbytte kort skissert at det er på det personlege plan, meir enn det yrkesfaglege plan at elevane har fått størst utteljing (DIKU 2019, 32).

For våre elevar så har utbyttet vore stort med tanke på:

- Kulturelle reisa dei har vore med på
- Sosiale aktivitetane
- Måten dei vart møtt på
- Kva dette har gjort med omsyn til deira vidare karriere.

Skulle ein gått vidare med undersøkinga hadde det vore interessant å verkeleg gå i djupna på dei personlege erfaringane som elevane sit att med etter opphaldet.

Eit siste aspekt er ein draum om ein tilsvarande Bologna-prosess for Yrkesfaga. At ein på eit internasjonalt plan set seg ved bordet og freistar å finne ein kurs for betre samordning av det yrkesfaglege utdanninga i verda.

## Bibliografi

Senter for internasjonalisering av utdanning. 2011. *Kartlegging av internasjonalisering i videregående opplæring*. Bergen: SIU.

Andersen, Svein S. 2013. *Casestudier*. Oslo: Fagbokforlaget.

Arntzen, Erik, og June (Red) Tolsby. 2010. *Studenten som forsker*. Oslo: Høgskulen i Akershus.

CEDEFOP. 2016. *ECVET in Europe: monitoring report 2015*. Luxembourg: Training, European Centre for Development of Vocational.

Curini, Luigi. 2020. *Research Methods in Political Science and International Relations*. New York: SAGE.

Dempsey, Ly Thi Tran og Kate. 2017. *Internationalization in VET: An Overview*. Cham: Springer.

DIKU. 2019. *Europeisk mobilitet i fag- og yrkesopplæringen - erfaringer og utbytte*. bergen: DIKU.

Duncan, Eric. 2014. *Internasjonalisering av utdanning*. 26 Oktober.  
<https://www.nupi.no/publikasjoner/innsikt-og-kommentar/hvor-hender-det/hhd-2014/internasjonalisering-av-utdanning>.

Duncan, Erik Johann. 2020. *Veilederforum.no*. 2 November.  
<https://veilederforum.no/artikler/ulike-malgrupper/nokkelen-til-internasjonalisering>.

European Commission. 2023. *Employment in Europe 2010*. 16 April.  
[https://ec.europa.eu/employment\\_social/eie/index\\_en.html](https://ec.europa.eu/employment_social/eie/index_en.html).

- . 2014. *Erasmus+*. 2 Januar. [https://www.eacea.ec.europa.eu/grants/2014-2020/erasmus\\_en](https://www.eacea.ec.europa.eu/grants/2014-2020/erasmus_en).
- European Commission. 2009. *Green paper - promoting the learning mobility of young people*. Brussels: Commissions of the European Communities.
- . 2010. *Leonardo da Vinci programme: 15 years of EU*. 9 November. [https://ec.europa.eu/commission/presscorner/detail/en/IP\\_10\\_1481](https://ec.europa.eu/commission/presscorner/detail/en/IP_10_1481).
- European Commission. 2018. *Regulation of the European Parliament and of the Council establishing 'Erasmus': the Union programme for education, training, youth and sport and repealing Regulation (EU) 1288/2013*. Brussels: European Commission.
- European Commission. 2019. *Study on EU VET instruments (EQUAVET and ECVET)*. Brussel: EU Commission.
- European Commission. 2023. «Erasmus+ programme guide.» *Erasmus+*. 30 Mai. [https://www.eacea.ec.europa.eu/grants/2014-2020/erasmus\\_en](https://www.eacea.ec.europa.eu/grants/2014-2020/erasmus_en).
- Gotvassli, Kjell-Åge. 1999. «Research Methods in Political Science and International Relations.» *Research Methods in Political Science and International Relations*. Steinkjer, Trøndelag: Høgskulen i Nord-Trøndelag, 01 August.
- Grytten, Ola H. 2009. «Boligkrakk og finanskriser i historisk.» *Samfunnsøkonomen*, 15 Mai: 39-51.
- Hegna, Kristin, og Marianne og Wollscheid, Sabine Dæhlen. 2012. ««For mye teori» i fag- og yrkesopplæringen – et spørsmål om målsettinger i konflikt? – Europeiske utdanningsregimer og den norske modellen.» *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 23 April: 217-232.
- Holden, Lars og Fløtten, Tone. 2018; 22. *Forskningsetikk for oppdragsforskning*. Oslo: Fafo.
- Karlsson, Åsa Pérez. 2014. *Meeting the Other and Oneself*. Umeå: Universitetet i Umeå.
- Karset, Kristin, og Kirsten Hofgaard and Solbrekke, Tone Dyrdal Lycke. 2009. «Høyere utdanning i endring – pedagogiske og kunnskapsmessige utfordringer.» *Norsk pedagogisk Tidsskrift*, 14 Januar: 413-416.

- Kernan, William D, Corey H Basch, og Valerie Cadorett. 2018. «Using mind mapping to identify research topics: A lesson for teaching research methods.» *Pedagogy in health promotion*, 17 November: 101-107.
- Kirke, utdannings- og forskningsdepartementet. 1990-1991. *FRA VISJON TIL VIRKE OM HØGRE UTDANNING*. Oslo: Kirke, utdannings- og forskningsdepartementet, 183.
- Kostova, Tatjana. 1999. «Transnational Transfer of Strategic Organizational Practices: A Contextual Perspective.» *The Academy of Management*, 1 April: 308-324.
- Kunnskapsdepartement, Det kongelige. 2020-2021. *Fullføringsreformen-med åpne dører til verden og fremtiden*. Oslo: Det kongelige kunnskapsdepartement.
- Kunnskapsdepartementet. 2020. *En verden av muligheter — Internasjonal studentmobilitet i høyere utdanning*. oslo, 30 oktober.
- . 2012. *EQAVET*. 24 04. <https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2009/des/eqavet/id2431724/>.
- Kunnskapsdepartementet. 2015. *Fremtidens skole.fornyelse av fag og kompetanser*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. 2009. *Internasjonalisering av utdanning - stortingsmelding nr.14* . Stortingsmelding, Oslo: Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-14-2008-2009-/id545749/?ch=1>.
- . 2022. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*. 31 Mars. Funnen Mai 28, 2022. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>.
- Kunnskapsdepartementet. 2004. *Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) Kultur for læring*. Stortingsmelding, Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. 2021. *Strategi for norsk deltakelse i Erasmus+ og Det europeiske utdanningsområdet*. Oslo: Kunnskapdepartementet.
- Lee, JJ, og Bjørn Stensaker. 2021. «Research on internationalisation and globalisation in higher education—Reflections on historical paths, current

- perspectives and future possibilities.» *European Journal of Education*, 24 Mai: 157-168.
- Lovdata. 1994. *EØS-avtalen - protokoll 29 om yrkesopplæring*. 1 Januar.  
<https://lovdata.no/dokument/NLX2/avtale/avt-1992-05-02-1-p29>.
- Maringe, Felix, og Nick Foskett. 2013. *Globalization and Internationalization in Higher Education : Theoretical, Strategic and Management Perspectives*. London: ProQuest Ebook Central,.
- Mcleod, Saul. 2022. *Vygotsky's Sociocultural Theory of Cognitive Development*. 18 August.  
[https://www.simplypsychology.org/vygotsky.html?ezoic\\_amp=1&fb\\_comment\\_id=500779888714\\_15217241](https://www.simplypsychology.org/vygotsky.html?ezoic_amp=1&fb_comment_id=500779888714_15217241).
- Mitchell, Kristine. 2015. «Rethinking the "Erasmus Effect" on European identity.» *Journal of market studies* 330-348.
- Perez-Karlsson, Åsa. 2015. *Formelt og informelt lærande*. Umeå, 14 Mars.
- Postholm, May Britt. 2004. «Kvalitativ forskning på praksis - Fra opprinnelse til forskerfokus.» *Norsk Pedagogisk Tidsskrift* 3-18.
- Regjeringen. 2021. *Erasmus+-forordningen*. 11 November. Funnen Mai 11, 2023.  
<https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2018/sep/-erasmus-forordningen/id2621975/>.
- Ringdal, Kirsten. 2018. *Enhet og Mangfold, Samfunnsvitenskaplig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Vigmostad og Bjørke A/S.
- Rotevatn, Jarle. 1997. *Til tjeneste for utdannings-norge*. Oslo: Statens lånekasse.
- Sigalas, Emmanuel. 2010. «Cross-border mobility and European identity: The effectiveness off intergroup contact during the ERASMUS year abroad.» *European Union Politics* 241-265.
- SIU. 2017. *Internasjonalisering i videregående opplæring*. Arbeidsnotat, Bergen: SIU.
- Styve, Svein Inge. 2016. «Utviklingsplan for Voss vidaregåande skule.» Voss: Vos vidaregåande skule.

Tran, Ly Thi, og Kate Dempsey. 2017. *Internationalization in Vocational Education and training - transnational perspectives*. Cham: Springer International Publishing AG.

Utdanningsdirektoratet. 2015. *Generell del av læreplan (utgått)*. 8 August.  
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/utgatt/generell-del-av-lareplanen-utgatt/>.

—. 2022. *Gjennomføring av videregående opplæring*. 10 Oktober.  
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-videregaende-skole/gjennomforing-av-videregaende-opplaring/>.

Vestland Fylkeskommune. 2020. *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024*. Bergen: Vestland fylkeskommune.  
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regionale-planer/strategi-for-internasjonalt-samarbeid-i-vestland--vedtatt-29.09.2000.pdf>.

Yin, Robert K. 2018. *Case study research and applications design and methods*. London: Sage publications inc.

## Vil du delta i forskingsprosjektet *"Internasjonalisering i vidaregåande skule - suksesskriterier"*?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å *forska på suksesskriterier for Internasjonalisering på din vidaregåande skule*. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

### **Føremål**

*Føremålet med prosjektet er å lære meir om det internasjonale arbeidet som skulen driv. Studien er ein «case» studie som skal besvara nokre faktorar som kan ha noko å sei for suksess med internasjonalisering.*

*Dette er ein del av mi masteroppgåve på Institutt for samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.*

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

*Universitetet i Bergen – institutt for samanliknande politikk] er ansvarleg for prosjektet.*

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

*I studien ynskjer eg å stilla spørsmål til leiinga, lærarar og elevar som har opplevd å vere med på prosessen og aktiviteten med internasjonalisering i skulen.*

*Eg har vald ut elevar og andre som nyleg har teke del i internasjonaliseringsarbeidet.*



*Eg håpar de er viljuge til å svara på spørsmåla, då eg ynskjer at arbeidet med internasjonalisering skal utvikla seg og bli betre.*

### **Kva inneber det for deg å delta?**

*Det er ulik innsamling av data alt etter kven eg spør.*

*Rektor og lærarar. Her har eg eit enkelt spørreskjema, og så ei liste med moment som me skal samtale om. Kvar av desse intervjuar er sett til om lag 45 minutt. Eg tek lydopptak av desse samtalane.*

- *«Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at du fyller ut eit spørreskjema. Det vil ta deg ca. 10minutt. Spørreskjemaet inneheld spørsmål om kven du er, kva rolle du har hatt i prosjekta, kvar du var og kor lenge. Svara dine frå spørreskjemaet blir registrerte elektronisk.»*

*Eg kjem til å samle inn skildringar som er gjeve i rapport til Europakommisjonen og det som er skrive på bloggen etter opphaldet.*

*Eg skal lage eitt skriv til*

1. *Rektor*
2. *Avdelingsleiar*
3. *Elevar*

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

*Om du ikkje ynskjer å delta eller trekkjer din deltaking under vegs skal ikkje det ha noko påverknad for deg som elev på skulen. Eg kjem til å spørje om det er greitt at du deltek i i denne studien i skuletida.*

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysingane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet.

Vi behandlar opplysingane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det vert kun eg og min veileder som har tilgang til dei data som vert samla inn. Eg kjem til å lagre data på min PC som er knytt til det fylkeskommunale nettverket. Dette nettverket er kryptert og sikkert.
- I oppgåva vil eg skildre svar frå elevane med elev 1, elev 2, elev 3 etc.

- Det kan vere at du som respondent vert gjenkjent i dine svar sidan utvalet er lite. Det som eventuelt kan kome fram kan vere skildring av korleis Erasmus opphaldet påverka deg, forslag til forbetringar i prosess eller liknande.

### **Kva skjer med opplysingane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Opplysingane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er *15.juni 2023*. Etter dette vert personopplysningane sletta.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå *Universitetet i Bergen, institutt for samanliknande politikk* har Personverntjenester vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

## Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- *Universitetet i Bergen ved Bendik Emil Basberg.*
- Vårt personvernombod: *Janecke Helene Veim, Tlf: 55582029, epost: janecke.veim@uib.no*

Dersom du har spørsmål knytt til Personverntjenester si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- Personverntjenester, på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

Trond Remme / Jane Birke Belschner  
(Forskar / rettleiar)

---

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Internasjonalisering i vidaregåande skule - suksesskriterier* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i *intervju*
- å delta i *gruppeintervju*
- at Trond Remme kan gje opplysingar om meg til prosjektet – dersom det er aktuelt*
- at opplysingar om meg kan publiserast slik at eg kan kjennast att – dersom det er aktuelt*

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 2 - Intervjuguide – Rektor – individuelt intervju

### Suksesskriterier for internasjonalisering Voss vgs.

1. Namn
2. Stilling
- 3. Historikk:**
4. Kor lenge har Voss vgs arbeidd med internasjonalisering?
5. Korleis har skulen prioritert det internasjonale arbeidet i denne perioden?
6. Har skulen vore knytt til mål og strategiar for utdanning som EU har hatt i denne perioden?
7. Vert EU sine signal og strategiar tekne inn i det internasjonale arbeidet ein driv på skulen?
8. Korleis er det internasjonale arbeidet på skulen samanlikna med andre skular i Vestland fylkeskommune?
9. Kvifor skal skulen arbeide med Internasjonalisering?
10. Kva påverknad meiner du at praksis i Europa har for
  - a. Skulen
  - b. Programområdet
  - c. Eleven
- 11. Suksesskriterier: Skulen har høg grad av internasjonal aktivitet**
12. Kva suksesskriterier meiner du ligg til grunn for det internasjonale arbeidet på skulen?
13. Kan du utdjupe desse kriteriane meir
14. Kan du rangere kriteriane?
- 15. Vegen vidare:**
16. Korleis vil skulen arbeide med internasjonalisering framover?
- 17.
18. Om skulen skulle gjort noko annleis i arbeidet med internasjonalisering-kva skulle det være?

## Vedlegg 3 - Intervjuguide– Avdelingsleiar – individuelt intervju

### Suksesskriterier for internasjonalisering Voss vgs.

1. Namn
2. Stilling
3. Kva programområde arbeider du i ? – seier seg sjølv
- 4. Prosess med utvelging og utsending:**
5. Du har vore med i prosessen med å sende ut elevar i praksis i Europa-
  - a. Kvar var du?
  - b. Kor lenge var du ute
6. Kva visste du om prosessen for å velje ut elevar som skulle få mobilitetsstipend?
7. Skulle skulen gjort noko annleis med førebuing på mobiliteten til deg og elevane før dei reiste ut i mobilitet?
8. Kvifor skal skulen drive med internasjonal praksis i Europa?
- 9. Spreiing av resultat:**
10. Korleis opplever du at erfaringane elevane hadde i Europa vart spreidd på skulen?
- 11. Påverknad:**
12. Kva påverknad meiner du at praksis i Europa har for
  - a. Skulen
  - b. Programområdet
  - c. Eleven
  
- 13. Suksesskriterier: Skulen har høg grad av internasjonal aktivitet**
14. Kva suksesskriterier meiner du ligg til grunn for det internasjonale arbeidet på skulen?
15. Kan du utdjupe desse kriteriane meir?
16. kan du rangere kriteriene?
17. Om skulen skulle gjort noko annleis i arbeidet med internasjonalisering-kva skulle det være?

## Vedlegg 4 - Intervjuguide – Elevgruppe

### Informasjon:

Velkomen og takk for at du tek deg tid til å vere med i denne undersøkinga. Eg set pris på at eg får bruke av tida di for å få meir innsikt i temaet mitt.

Intervjuet vert teken opp elektronisk, og vil bli transkribert (skrive ut). Eg slettar lydfilene etter dette er gjort. Det skriftlege dokumentet vert oppbevart i samsvar med gjeldande regelverk og til slutt sletta.

Eg forventar at intervjuet tek om lag 45 minutt – eg har ikkje pause.

Har de spørsmål før me går i gang?

### Innleiing:

Eg studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen. Skal ta ein master i Internasjonalisering i vidaregåande skule. Temaet internasjonalisering er stort, men eg skal forhalda meg til 2 forhold. Dei personlege erfaringane og påverknad EU sin utdanningspolitikk har på vår skule.

For dykk så er det spørsmål om det personlege planet.

Spørsmål:

Kjønn            Alder:            Klasse

1. Kvar var du i praksis i Europa?
2. Kor lenge var du ute?
3. Kor tid vart du klar over at det var mogeleg å få stipend for å reise ut i praksis i Europa?
4. Kvifor søkte du om stipend for praksis i Europa?
5. Førebuingssfasen
  - a. Sett i ettertid
    - i. Kva var bra
    - ii. Kva kunne vore gjort betre
6. Gjennomføringsfasen
  - a. Kva forventningar hadde du til opphaldet?
  - b. Stod opplevinga til forventningane
  - c. Kva var det beste med opphaldet
  - d. Kva skulle vore annleis?
7. Kome heim fasen
  - a. Korleis vart du møtt på skulen etter du kom heim?
  - b. Har du fått prata om praksisen din på skulen
  - c. Er det andre som har fått vita om den

8. Har praksisen gjort noko med ditt syn på Europa og EU?
9. Har du endra syn på sjølve landet du var i praksis i?
10. Er det nokre av dei du traff i Europa som du har hatt kontakt med etter praksisen?
  - a. Kven er dette?
  - b. Kvifor har de kontakt?
11. Korleis har dette opphaldet påverka deg personleg?
12. Korleis har opphaldet påverka deg fagleg?

## **Vedlegg 5 - Gruppeintervju – elevar – Spania**

Gruppeintervju med 3 elevar som var i praksis i Spania der ein går gjennom desse elementa. Ein ber elevane lage ein Mindmap – tankekart som resultat. Dette skal ta om lag 40 minutt.

### **1. TEMA MINDMAP**

- Sjølve opphaldet
- Det faglege
- Språket
- Kulturen
- Det sosiale

Ut frå desse elementa lagar elevane tankekart basert på sine erfaringar.